LANDSLAGET FOR
LOKALAVISER

# Stortingsvalg

## med lokale vinklinger

*Inspirasjon fra LLAs idébank*

*og LLAs medlemsaviser*

*v/ Laila Borge, LLA*

Hordaland

# Ti kjappe med Tom-Christer Nilsen (H)

Det går ikkje an å prioritera mellom ny E16 og ferjefri E39, meiner høgre-politikaren som er statssekretær for samferdselsdepartementet.



FERDIG I 2035: Tom-Christer Nilsen vil at den nye vegen mellom Voss og Bergen skal stå klar i 2035. Fyrste steg er å byrja på vegen i 2021 eller 2022. FOTO: SARA FINNE

**FAKTA**

**TOM-CHRISTER NILSEN**

- 48 år gammal, frå Askøy.
- Stortingskandidat for Hordaland Høgre.
- Var fylkesordførar i Hordaland frå 2011 til 2015.
- Var statssekretær ved Statsministerens kontor frå desember 2015 til mai 2016.
- Sit no som statssekretær i Samferdsledepartementet.

**VAL 2017**

**1. Om de vil starta arbeidet med ny veg og bane mellom Arna og Stanghelle i 2021 eller 2022, kvifor kan ikkje prosjektet stå med pengar i fyrste del av NTP?**

– Det er ikkje spørsmål om det kan stå i fyrste del av NTP, spørsmålet er om me har funne plass til det. No brukar me bompengar for å finansiera vegdelen fyrst slik at me kan få byrja tidlegare, medan dei statlege midlane kjem inn seinare. Det viktigaste er at me kjem i gang med bygginga, ikkje korleis me finansierer den.

**2. Oppstart av vegen er lova i 2021 eller 2022, medan jernbanen må venta til 2024. Er veg viktigare enn tog?**

– Nei, det vil eg ikkje seia. Og særskilt ikkje på denne strekninga. Men no har me moglegheita til å bruka bompengar for å finansiera vegdelen, slik at me kan koma fortare i gang med denne. I tillegg har Vegvesenet no kome fram til at ein ikkje kan byggja jernbanen og vegen like tett gjennom Arna som fyrst tenkt. Derfor er det ikkje noko problem å byrja bygginga separat her. Frå Trengereid må både veg og bane derimot byggjast heilt parallelt.

**3. Finst det ein risiko for at det blir med Arna–Stanghelle, og at resten av strekkja mot Voss ikkje vert ny?**

– Nei, det trur eg ikkje. Det er eit stykke fram til dette, men så vidt eg kan bedøma har alle politiske parti sagt at dei vil få dette til. Då må me tru på at dei vil stå for det.

**4. Er Fv7 god nok som avlastingsveg for E16?**

– Absolutt ikkje. Denne vegen er minst like utsett som E16 for farlege situasjonar og ras, og er ikkje ein fullverdig avlastningsveg.

**5. Vil du seia at du gjorde nok for Fv7 i di tid som fylkesordførar?**

– I denne perioden låg det fleire konsept på bordet for ny veg mellom Bergen og Voss som også kunne medført oppgraderingar for Fv7, heilt inn til Fyksesund. Derfor var det naturleg å venta på ei avklaring her. Det vart likevel gjort ein god del rassikringstiltak på vegen, og det at me fekk vedteke Kvammapakken medførte også forbetringar på delar av vegen.

**6. Er Høgre for eller mot tunell under Hardangervidda?**

– Hordaland Høgre er for dette, og vil ha noverande Rv7 som hovudveg mellom aust og vest.

**7. Korleis stiller Høgre seg til ny veg mellom Bergen og Odda (Hordalandsdiagonalen)?**

– Me har vedtak frå årsmøtet på at me vil ha ei konsekvensutgreiing på dette så fort som mogleg. Dette må me ha før me kan ta stilling til prosjektet, men me er i utgangspunktet positive.

**8. Korleis prioriterer Høgre mellom ferjefri E39 og ny veg og bane mellom Voss og Bergen?**

– Høgre har alltid sagt at me ikkje vil prioritera mellom desse to prosjekta, men at me vil gjera begge to. Og begge prosjekta ligg også inne i NTP, med oppstart samtidig. Prosjekta er veldig ulike. Ny E16 handlar om å auka trafikksikkerheita. Det er ikkje samfunnsøkonomisk lønsamt, men me ynskjer likevel å gjera det. Hordfast-prosjektet er annleis. Sjølvsagt er det snakk om ulukker her også, men hovudargumentet er at prosjektet er så samfunnsøkonomisk lønsamt som det er. Me tener pengar på å byggja denne vegen, og slike lønsame prosjekt gjer det også mogleg å gjera andre prosjekt som ikkje er det, som ny E16.

**9. Når vil vossingane ha ny veg og bane å bruka frå Bergen og heilt heim til Voss, om Høgre får bestemma?**

– Høgre nasjonalt har ikkje teke standpunkt til dette. Hordaland Høgre har sagt at me vil ha vegen og banen ferdig så fort som råd. I praksis vil det nok seia at det mest sannsynlege er at me set i gang med andre del så fort me er ferdig med fyrste, og at heile K5 står ferdig i 2035. Neste rullering av NTP vert viktig for å sjå om det er mogleg å få vegen og banen ferdig endå tidlegare.

**10. Er det noko meir eg burde spørja deg om?**

– Ha, ha! Om det finst noko anna enn veg og bane i politikken. Og det gjer det! Det viktigaste nett no er å sjå til at alle får seg ein jobb. Og me er på rett veg, sysselsetjinga går opp medan arbeidsløysa går ned. Men dette er framleis prioritet nummer ein for oss. Me må gjera det enklare å starta nye bedrifter ved å redusera skattar og avgifter. Og me må gjera det lettare for bedriftene å skapa nye arbeidsplassar.

**Sara Finne**
sf@avisa-hordaland.no



FERDIG: Jobergtunellen er ferdig, men ikkje opna. FOTO: TERJE HJARTNES

## Ventar på tunellopning i Granvin

**Jobergtunnelen har vore ferdig sidan i juli, men opninga let venta på seg.**

**GRANVIN**

– Me hadde håpa å kunna opna tunellen neste veke, men dette har ikkje me kontroll på, seier prosjektleiar i Statens vegvesen Lars Magnar Røneid.

Han vil ikkje koma med lovnader, fordi opninga avheng av kva tid dei får tunellen sikkerheitsgodkjent, og vegtrafikksentralen gjev klarsignal.

Somme stussar elles på at tunellen vert skilta som Jobergtunnelen, medan dei to nyaste tunellane i Granvin har skrivemåten -tunellen og ikkje -tunnelen (Folkedalstunellen og Bjørgatunellen).

Prosjektleiar Røneid viser til at dei fylger namnevedtak frå Kartverket i denne saka. I avgjerda som vart teken i 2015 konkluderer Kartverket med at namnet er Jobergtunnelen. Sjølv om tunell også er ei godkjend form, vert tunnel i samsvar med andre tunell-namn på Rv 13 i Granvin, som Tunsbergtunnelen, Gullhammartunnelen og Vallaviktunnelen.

**Sigrid Seim**
ss@avisa-hordaland.no





VIL STARTA I 2021: Hans-Erik Ringkjøb frå Ap og Nils T. Bjørke frå Sp vil at byggjestart for K5 skal vera i 2021. – Men dette har de ikkje lagt inn nok pengar til, protesterte Tom-Christer Nilsen frå Høgre. Ordføraren svara med at prosjektet kan verta billigare enn fyrst tenkt. FOTO: SARA FINNE

# Krangla om byggjestart for K5

2021 eller 2022? Det vart det store spørsmålet då Voss ungdomslag skipa til politisk debatt torsdag.

**VAL 2017**

På debatten som fann stad i Voss ungdomshall stilte Øystein Ormåsen frå Miljøpartiet Dei Grøne, Hans-Erik Ringkjøb frå Arbeidarpartiet, Nils T. Bjørke frå Senterpartiet, Agnes Roshovde Bernes frå Venstre, Arne Normann frå Kristeleg Folkeparti, Tom-Christer Nilsen frå Høgre og Stig Abrahamsen frå Framstegspartiet. Raudt og Sosialistisk Venstreparti stilte ikkje. Det var kring 25 tilhøyrarar i salen, mange av dei politikarar.

**Ap og Sp: 2021**

På oppdrag frå ungdomslaget skulle politikarane innom tre tema; livet etter olja, forsvarspolitikk, og ny veg og bane mellom Voss og Bergen. Det sistnemnde temaet var sjølvsagt det som skapte mest engasjement, både i panelet og hjå publikum. Debattleiar og leiar for ungdomslaget, Jens Håkon Birkeland (17), hadde eitt enkelt spørsmål til politikarane:

– Når vil de gå inn for at heile strekninga mellom Voss og Bergen skal vera klar, og korleis vil de finansiera det?

– Me meiner at ein kan byrja med bygging av både veg og bane i 2021. Det er viktig å koma i gang i fyrste planperiode av NTP, for då kan ein halda den regjeringa som går på no til hausten ansvarleg for dette til neste val, sa ordførar Hans-Erik Ringkjøb (Ap).

– For å få dette til har me føreslått å leggja inn to milliardar i fyrste periode, i tillegg til ein ekstra milliard i andre periode, la han til. Nils T. Bjørke frå Sp slutta seg også til dette.

**Høgre og FrP: Ikkje realistisk**

Tom-Christer Nilsen frå Høgre meiner at Ap kjem med urealistiske lovnader.

– Me vil ha oppstart så fort me klarar, og det som no ligg inne i NTP er i 2022. For å få oppstart i 2021 så trengst det 7,5 milliardar, og ingen av dei raudgrøne partia har lagt inn dette. Det vil seia at også deira forslag medfører byggjestart i 2022. Då må ein spørja seg kvifor dei seier noko anna.

Stig Abrahamsen frå FrP er einig i at ein ikkje kan lova noko anna enn byggjestart i 2022.

– Og det er rett og slett fordi me ikkje veit om me får til 2021. Sjølvsagt skal me prøva, men det er skummelt å lova noko som ein ikkje kan halda, sa han.

**Satsar på at prisen går ned**

Ordførar Ringkjøb svara at pengane dei har lagt inn kanskje kan halda om prosjektet vert billigare enn venta.

– Regjeringa ligg jo opp til eit opplegg der ein skal snu alle steinar for å gjera prosjektet billigare, og kan det då henda at desse pengane som me har lagt inn er nok? Det kan i alle fall vera eit bidrag. Me må løfta dette prosjektet i lag, og då må ein spørja seg; er det andre prosjekt som står i vegen?

– Eg tykkjer det er merkeleg at Ap og Sp skal finansiera K5 med ein føresetnad at det vert billigare å byggja. Min erfaring er at prisen går opp under bygging, ikkje ned. De sit med ubetalte rekningar, svara Nilsen (H).

**– Kvar kjem pengane frå?**

Øystein Ormåsen frå MDG fortalde at dei ikkje vil gå inn for firefelts motorveg på strekninga mellom Arna og Voss.

– Me vil heller prioritera ein rassikker og framkomeleg veg, og vedlikehald på fylkesvegar i området som desperat treng det.

– Då føreslår de å byggja ein veg som ikkje er lov å byggja. Trafikken er for høg, og dette er ikkje gjennomførbart, svara Nilsen frå Høgre.

Debatten opna også for nokre spørsmål frå salen, der Jorunn Ytrefjord frå Venstre hadde eit spørsmål til Ap og Sp.

– Eg skjøner ikkje heilt finansieringsplanane til Ap og Sp. Kvar skal de ta dei ekstra milliardane frå?

– Sp har sett av noko meir midlar til K5 enn Ap, og har teke frå andre prosjekt i NTP, mellom anna E18 i Oslo. Me har også teke midlar frå Hordfast-prosjektet i andre periode av NTP, då me meiner at dette prosjektet har vorte alt for dyrt.

**– Ikkje nøgd med 2022**

Arne Normann frå KrF sa at dei sluttar seg til Sp og Ap når det gjeld tidsramme og økonomi for K5.

– Men det har ikkje vore nok vilje på årsmøtet vårt til å gå inn for start i 2021. Her er det sterke krefter som jobbar for Hordfast.

Agnes Roshovde Bernes frå Venstre sa at dei har ein ambisjon om å starta opp arbeidet i 2021 – seinast.

– Terje Breivik gjorde ein stor innsats for å få flytta byggjestart til 2022, men me er ikkje nøgde. Me må snu alle steinar, for det er spørsmål om liv og død. Me må prioritera veg og bane!

**Sara Finne**
sf@avisa-hordaland.no

Vandrehelg
9. - 10. september

I haust kan du bli med på to guida fjellturar i majestetiske Jordalen. Turane går til Fresvik og Breiskrednosi.

Pris frå kr 400,- per person inkludert transport.

myrkdalen.no
MYRK DALEN

Hordaland
**Vakt denne helga:**
Ørjan Brattetveit
Mobil **47 47 18 83**
**Ikkje fått avisa?**
Ring 56 53 03 06
Sentralbord **56 53 03 00**
E-post:
redaksjon@avisa-hordaland.no
annonse@avisa-hordaland.no
abonnement@avisa-hordaland.no
www.avisa-hordaland.no

**VÊRET I HORDALAND 26/8 2017**




**VOSS**

| | |
|---|---|
| I dag +15 | Måndag +12 |
| I kveld +13 / +7 | Tysdag +11 |
| Sundag +15 | Onsdag +9 |

**SOLA**

| | I dag | I morgon | Måndag | Tysdag |
|---|---|---|---|---|
| Opp | 06.18 | 06.21 | 06.23 | 06.25 |
| Ned | 21.00 | 20.57 | 20.54 | 20.51 |

**MÅNEN**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Opp | 12.12 | 13.27 | 14.39 | 15.48 |
| Ned | 22.34 | 22.52 | 23.13 | 23.39 |

**FLO**

| | I dag | I morgon | Måndag | Tysdag |
|---|---|---|---|---|
| ↑ | 02:31 | 03:12 | 03:54 | 04:39 |
| | 14:58 | 15:38 | 16:20 | 17:07 |

**FJØRE**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| ↓ | 08:34 | 09:10 | 09:50 | 10:38 |
| | 20:38 | 21:16 | 21:59 | 22:58 |



**TRANSPORTETAPPE:** Magne Rommetveit er fraksjonsnestleiar i Stortinget sin transportkomite. No reiser han land og strand for å sanka stemmer til Arbeiderpartiet før stortingsvalet 11. september. Ordførar på Voss Hans-Erik Ringkjøb (Ap) held seg i bakgrunnen.

# Spørjetime med raud fraksjon

Magne Rommetveit (Ap) vil ta styringa over samferdslebudsjettet.

**VAL 2017**

Det er onsdag. Telefonen ringjer.

– Hei. Det er Magne Rommetveit her. Eg skal delta i BT sin debatt på Voss stasjon på torsdag. Før det kan eg setja av tid til dykk. Eg er på K5-turnè.

Slike telefonar får avisredaksjonane mange av for tida. Men Rommetveit, sit ikkje han i transportkomiteen for det største opposisjonspartiet Ap?

Magne Rommetveit er Ap sin 1. kandidat i Hordaland. Som samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen (Frp) vaks han opp på Jæren. Dialekten er nett som ministeren sin.

**– Ketil Solvik-Olsen lovar oppstart av K5 i 2021 eller 2022. Kvifor reiser du likevel på K5-turnè?**

– Ketil har ikkje kome med ei krone til K5 komande seks åra. Førehandsinnkrevjing av bompengar skal finansiera oppstarten av veg frå Arna mot Stanghelle. Det ligg ikkje ei einaste statleg krone inne per no. Å starta berre på veg bryt dessutan med heile konseptet K5. Heile konseptet K5 er å byggja veg og bane i lag.

**– I 2013, med Ap i regjering, kom NTP for perioden 2014 til 2023. Kvifor var ikkje ny veg og bane mellom Arna og Voss inne med pengar i den?**

– Det er plankrav for å koma med i NTP, om at ein må ha ferdig handsama KVU (konseptvalutreiing). Denne vart sett i bestilling av oss. Sidan vart ho liggjande i 20 månader før neste regjering reagerte og fekk handsama KVU-en.

**– Korleis prioriterer Ap mellom E39 Hordfast med bru over Bjørnefjorden og ny veg og bane mellom Arna og Bergen?**

– Det er to viktige prosjekt. Det er feil å setja dei opp mot kvarandre. I NTP ligg det ikkje inne ei krone til Hordfast, og ein kan ikkje flytta midlar frå Hordfast når det ikkje finst midlar løyvd. Når det gjeld Hordfast, må kostnaden reduserast. Den kan byggjast med enklare standard enn firefelts motorveg og fartsgrense på 110 km/t.

**– Er ikkje manglande prioritering frå fylkeskommunen, der de sit i ordførarstolen, årsaka til at K5 no ligg i periode 2 av NTP?**

– Nei. Det er regjeringa sin påstand. Ketil Solvik-Olsen sitt heimfylke Rogaland har fått Rogfast, Ryfast, firefelts veg mellom Stavanger og Kristiansand, og jernbane med dobbeltspor til Jæren. Og så skal ein koma til Hordaland og seia at me må prioritera? Einaste nye i periode 1 for Hordaland er Sotrasambandet.

**– Helsar Solvik-Olsen heim?**

– Det vil eg ikkje seia, men me må ikkje slå oss til tåls med at me må prioritera. Erna og kompani stod på Arna stasjon og bad Hordaland vera glade for NTP. Kor glad skal ein bli over noko som kanskje kjem om seks år?

**– Når vil vossingane ha ny veg og bane å bruka frå Bergen og heilt heim til Voss, om Ap får bestemma?**

– Det klarar eg ikkje å svara på. For eitt år sidan føreslo me å setja av midlar til å planleggja strekninga frå Stanghelle til Voss, men forslaget vart nedstemt i Stortinget. Hadde det gått gjennom, kunne me fått planlagt heile strekkja under eitt.

**– Finst det ein risiko for at det blir med Arna–Stanghelle, og at resten av skrekkja mot Voss ikkje vert ny?**

– Om regjeringa får halda fram, meiner eg det er meir i det blå enn om me får regjeringsmakt saman med dei det er naturleg at me samarbeider med.

**FAKTA**

**MAGNE ROMMETVEIT**

- 61 år gamal, frå Stord.
- Stortingsrepresentant for Arbeiderpartiet.
- Har site på Stortinget i to periodar.
- Medlem av transportkomiteen.
- Var ordførar på Stord frå 1992 til 2007.
- Hordaland Ap sin 1. kandidat til årets stortingsval.

**– Kva vil Ap gjera for kjerrevegen Fylkesveg 7, som per i dag er omkøyringsveg for E16?**

– Me vil styrkja Fylkeskommunen på vegsida, og styrkja rassikring på fylkesvegane. Så vert det opp til fylka å prioritera. Me ser behovet for å rusta opp omkøyringsvegane. Som avlastingsveg held ikkje Fv 7 mål.

**– Er Ap for eller mot tunell under Hardangervidda?**

– Den har me ikkje teke stilling til.

**– Korleis stiller Ap seg til ny veg mellom Bergen og Odda?**

– Me ynskjer KVU for å sjå moglegheiter og potensial. Men ein slik veg treng ikkje nødvendigvis å gå til Odda. Det kan bli anten ein Hordalandsdiagonal eller ein Sunnhordlandsdiagonal.

**– Er det noko meir eg burde spørja deg om?**

– Formueskatten. Eg tykkjer det er betre med 3000 nye lærarar, heller enn 4000 nye nullskatteytarar.

**Terje Hjartnes** | tekst og foto
thj@avisa-hordaland.no

## Cruise-auke i Eidfjord

**EIDFJORD:** Det siste året har det vore ein auke i talet på cruisepassasjerar i Eidfjord på meir enn 60 prosent. Det skriv Hardanger Folkeblad. Talet nærmar seg 111.000 passasjerar i år, og det gjer Eidfjord til nummer ti på lista over dei travlaste cruisehamnene i landet. I fjor var talet på passasjerar i Eidfjord 67.000. – Det gjer oss til den cruisehamna i landet med størst auke i passasjerar, seier Helge Møller i Cruise Destination Hardangerfjord til Hardanger Folkeblad.

## Syklistar fekk bøter etter tunellsykling

**VAKSDAL:** Like etter klokka 16.00 onsdag ettermiddag kunne politiet melda på Twitter om at dei hadde fått fleire meldingar om tre syklistar som sykla på E16 mellom Dale og Trengereid i retning Bergen. Syklistane sykla gjennom alle tunellane på E16, noko som mellom anna førte til at Stavenestunnelen vart stengd i ein periode. Politiet fekk kontakt med syklistane, som alle vart bøtelagde. Det er oppretta sak på hendinga.

## Toppe ber om DAB-svar

**RADIO:** Kjersti Toppe (Sp) ber samferdselsministeren svara på om han meiner det er akseptabel DAB-dekning i tunellane på E16 mellom Bergen og Voss. Bakgrunnen for spørsmålet er at Toppe sjølv har opplevd at radiosignala vert borte i nesten alle tunellane på strekkja Bergen-Voss. «Ei uoffisiell oppteljing viser at i minst 15 tunnelar på strekninga forsvinn DAB-signala». Toppe syner til at dette også har med beredskap og trafikktryggleik på gjera, og ho spør derfor kva statsråden konkret vil gjera for å sikra radiosignal for køyrande på strekkja, og når dette skal vera på plass.

## Enda i grøfta etter promillekøyring på Voss

**VOSS:** Ei kvinne busett i Voss kommune vart nyleg dømt i Bergen tingrett for promillekøyring og aktlaus køyring. Ifylgje dommen køyrde kvinna i 50-åra med promille ein stad på Voss i mars, noko som førte til at ho kom med høgre hjul utanfor vegen og skjente over i motgåande køyrefelt då ho forsøkte å retta bilen opp, før ho så køyrde i grøfta på venstre side. Eitt vitne som kom køyrande i motgåande køyrefelt forklarte at det hadde enda med frontkollisjon dersom vitnet ikkje bremsa. Promillen til kvinna vart målt til 2,01 omkring halvannan time etter hendinga. Ho tilstod alt i retten, og påtalemakta la ned påstand om fengsel i 30 dagar samt 40.000 kroner i bot, subsidiært 15 dagars fengsel. Dette vart domen, i tillegg til at kvinna mister sertifikatet i to år og må avleggja full ny førarprøve.

Granvin bruk er i vekst:

# Vil ha skogsmaskinlinje på vgs

**Granvin bruk set stadig nye rekordar. No jobbar dei for å etablera ei ny skogsmaskinlinje på nye Voss vgs.**

**SKOGBRUK**



SVINGAR: Hans Velken (til v.) synte både med ord og bevegelsar korleis marknaden svingar for skogbruket. I bakgrunnen Nils T. Bjørke, Jan Ivar Rødland og Kjersti Toppe til høgre.

Onsdag vitja Kjersti Toppe og Nils T. Bjørke sagbruket i Granvin for omvising på anlegget og prat om det norske skogbruket. Bak omvisinga stod Jan Ivar Rødland frå Vestskog SA og organisasjonen Skognæringa Kyst, saman med Hans Velken frå Moelven Granvin bruk. Som det einaste store sagbruket på Vestlandet, har bruket ei lang historie som arbeidsplass og næring for bygda.

– Ja, kva hadde Granvin vore utan sagbruket? seier Rødland.

### Ny utdanning

Grana frå sagbruket har vorte svært etterspurd, samstundes som tilgangen i dag faktisk er større enn dei kan ta hand om. Òg slik vert det vekst av.

– Me føler at vår posisjon er sterkare enn nokon gong. Me byggjer ei bedrift her og me byggjer kompetanse, seier Velken.

Med kompetansebygging i mente er det difor no sett i gang ein prosess med mål om å få på plass ei ny utdanning ved nye Voss vgs., ettersom den gamle skogbrukslinja på Voss er vekke.

– Me ynskjer å få etablert ei skogsmaskinlinja, det treng me, seier Rødland.

Vestskog saman med Trå og Velken Skogsdrift AS og lokale entreprenørar er blant dei involverte i prosessen.

– Det er bra å samla fagmiljøet om det. Ei slik linje burde me absolutt ha, men det gjeld å ha eit visst søknadstrykk dersom ein skal etablera, meiner Bjørke.

### Viktig næring

Som høvesvis fyrste- og andrekandidat til Stortinget for Senterpartiet i Hordaland, er Toppe og Bjørke heilt einige i at sagbruket har stor verdi for Granvin. Toppe meiner det er alfa og omega at ein får det til lokalt.

– Det er viktig at ein får god økonomi i skogbruket, seier ho.

Både Toppe og Bjørke har vitja sagbruket ved tidlegare høve, men hadde likevel mykje å spørja om då dei var på besøk denne veka.

– Det er viktig for oss å vita kva folk driv med i bygdene, forklarar Bjørke.

### Satsar lokalt

Per i dag husar Granvin bruk 31 tilsette, og satsar nesten utelukkande på tilsetjing av lokal arbeidskraft. Sagbruket har søkt om etablering av ny kai på bruket, som dei vonar å få på plass snarast mogleg. Gjennom året vert det naturleg nok òg ein del vedlikehald på den svære maskinparken som høyrer til sagbruket. Då kan dei fiksa mykje sjølv, eller leiga inn hjelp. Den skal òg helst vera lokal, ved firmaet Holven Mekaniske AS.

– Slik er den lokale ringverknaden på plass, seier Rødland.



FEKK PRØVA: – Dette var sjefsstolen! Eg hadde gjort ein aldeles dårleg jobb her trur eg, sa Kjersti Toppe smilande då ho fekk prøva kontrollstolen i saghuset.

### Fyrsteklasses vare

Då stortingskandidatane vitja bruket tysdag, var høvleriet nett sett i gang igjen etter ferien. I fjor hadde det ca. 100 millionar i omsetning, og det er altså venta vekst i år.

– Me set stadig nye rekordar, fortel Hans Velken, og legg til at det er kystskogbruket som har sterkast vekstpotensial i næringa.

Sagbruket bruker gran frå Vestlandet i produksjonen, og målet er å auka produksjonen endå meir. Det kan det verta fleire årsverk av i framtida. Velken fortel at dei generelt er veldig opptekne av å framsnakka grana, som dei meiner det har vore knytt ein del skepsis til.

– Me har bevist at det er ei fyrsteklasses vare, seier han.

### Gjekk konkurs

– Veldig positivt å høyra at Granvin bruk er i vekst. Det er ikkje sjølvsagt, meiner Toppe, og siktar til at bruket gjekk på ein smell etter ei megainvestering på omkring 100 millionar i 1999.

Sagbruket gjekk då konkurs, men klarte seg trass alt. Det var etter konkursen at Moelven kom inn i biletet.

– Ein nyt heldigvis godt av den storinvesteringa no, seier Toppe.

Ho ser positivt på dei gode marknadstilhøva om dagen, og fortel at Sp er opptekne av å støtta næringa, mellom anna ved å leggja til rette for den omtala kaien og for at det generelt vert lønsamt å ta ut skog. Likevel vart det ikkje snakk om dei store lovnadane under besøket.

### Viktig å sjå utfordringane

Tysdag vart det samtale rundt mellom anna rekruttering til bransjen, tilskot til skogsdrift i bratt terreng, skogsvegar, ny kai, i tillegg til utbetring av kommunale vegar og fylkesvegar.

– Det siste er nøkkelen for å betra infrastrukturen, ikkje berre for skogeigarane, men også for at entreprenørane skal få fram maskinane sine, meiner Rødland.

Som styreleiar for Skognæringa kyst er Rødland òg oppteken av korleis ein skal få gode rammevilkår på plass for kystskogbruket, korleis ein skal få opp kompetansen og vidare få på plass finansieringa av den framtidige industrien.

– Me har ikkje musklane for å etablera slik industri i framtida, så her må me tenkja kreativt, seier Rødland.

– Det er utruleg viktig at ein ser utfordringane. Dette er ein viktig del av næringslivet i vårt område, som òg har ringverknadar ved at ein sikrar trygg avsetning for skogeigarane, meiner Bjørke.

### Sterkt «team»

Skogplanting og framtidsskogen vart også mellom temaa under politikarbesøket. I samband med valet som nærmar seg, har Norges Skogeierforbund laga eit hefte om kva forbundet meiner er spesielt viktig for næringa. Det dela Rødland ut til Toppe og Bjørke. Han meiner det er ei utfordring å famna dei ulike politikarane i eit så stort fylke med mange kandidatar, no føre valet.

– Men me risikerer jo heldigvis å få deg inn på tinget Nils, sa Rødland lattermildt tysdag, og la til:

– Då får me eit sterkt «team»!

**Ingvild Siglen Berger | tekst og foto**
isb@avisa-hordaland.no



PÅ STADEN: Vegen i Rastalia har vorte sikra. FOTO: GEIR GEITLE

## Må vøla Raundalsvegen

**Eit nyleg brot på utsida av Raundalsvegen i Rastalia vil krevja større tiltak.**

**RAUNDALEN**

Det seier Bente Bergstø, byggjeleiar i Statens vegvesen Region vest.

– Me har konstatert eit brot på utsida av vegen, og har sikra staden ved å ta grøfta i bruk, slik at ein får ei innsnevring på vegen, seier Bergstø.

Ho fortel at dei framleis jobbar med handteringa av vegen.

– No må me skaffa midlar og få gjort eit større tiltak der. Dette må me setja i gang med snart, fortel byggjeleiaren.

Fyrst må vegvesenet prosjektera, og vidare er planen å lysa ut arbeidet i løpet av neste veke.

– Så tek me det derifrå, seier Bergstø.

Vegen er i mellomtida ikkje stengt, då det går an å passera i eitt køyrefelt.

**Ingvild Siglen Berger**
isb@avisa-hordaland.no






**FANA:** Terje Breivik er travel i valkampen. SÅ travel at han bur mellombels i Fana.

# Skal redda plassen på Stortinget frå eit rekkjehus i Fana

Frå eit rekkjehus i Fana, driv Terje Breivik frå Ulvik valkamp 24/7. Målet er å gjera Venstre og Vestlandet sterke.

› **VAL 2017**

– Geografisk sett er det lettare å driva valkamp frå Bergen enn frå Ulvik. Men eg har ikkje gløymt kvar eg kjem frå, seier venstretoppen som kjempar for å få partiet over sperregrensa.

– Eg har tru på at Venstre skal overraska ved valet, seier Terje Brevik medan han fiklar med mobiltelefonen. Han går rundt i stova i rekkjehuset han har fått låna i valkampsperioden. Her bur han til valet er over.

**Vestlandsregionen**

Ulvikaren si store kampsak er å gjera Vestlandet sterkare. Hordaland og Sogn og Fjordane skal bli så sterke at Rogaland vert lokka med inn i den nye Vestlandsregionen.

– Regionreforma som vert gjennomført er eit sjumilssteg i rett retning for Hordaland og Sogn og Fjordane, men Rogaland må med.

Breivik ynskjer at Vestlandet skal bli prøveregion, som tek ansvar for dei regionale helseføretaka, dei lokale jernbanestrekningane – Vossebanen og Jærbanen.

Vestlandet skal få disponera éin milliard i grøne omstillingsmidlar.

– Dette vil gje regionane totalansvar for kollektivtrafikken. Det vil også vera med å byggja opp Bergen til å kunna få ein posisjon som verdas klimahovudstad, seier Breivik.

**Rockekonsert**

Terje Breivik er gira om dagen. På dagens program står intervju med Radio Folgefonn, Hordaland og Bergens Tidende.

– Media er viktig i valkampen. Dei kontaktar meg for å få sine vinklingar, og eg prøver å selja inn mine, seier Breivik.

Venstretoppen er med i sin andre valkamp som stortingskandidat. Sist gjekk det bra, og no er det ein erfaren politikarar som kjempar for plassen på Stortinget.

– Eg er mykje tryggare no enn sist. Det gjer at eg kan driva ein betre valkamp. Eg var meir nervøs og stressa sist. No kjenner eg meg trygg til å debattera dei aller fleste tema, seier Breivik. Han har lange dagar den siste månaden før valet.

– Det går i eitt. Eg går inn i ei boble og går på. Når det heile er over, er eg nok godt sliten, seier Venstre-toppen, som ikkje legg skjul på at han elskar å driva valkamp.

– Valkamp er politikarane sin rockekonsert.

**Dør til dør**

Klokka 17.30 same ettermiddagen møter Terje Breivik andre venstrepolitikarar på ein bensinstasjon i Åsane. Dei er alle kledde i grøne jakker med Venstrelogo. Regnet fossar ned, men politikarane let seg ikkje stogga.

– No skal me gå heim til folk og spørja om dei vil ta imot valprogrammet vårt. Eg må vedgå at det ikkje er dette eg likar best. Det er litt som å trengja seg på til folk, men dei fleste er veldig hyggjelege og tek imot programmet. Nokre slår av ein god politisk prat. Men sjølvsagt er det nokon som blir litt sure for at me kjem på døra, seier Breivik, som slår fylgje med nestleiar i Åsane Venstre, Marit Gjerstad.

Døraksjonen byrjar ikkje så lovande for Venstre-duoen.

– Eg vil aldri røysta på eit parti som er imot fagrørsla, seier fyrste mannen som opnar døra.

– Men Venstre ...., prøver Brevik seg.

– Ha ein framleis god dag, seier mannen og lukkar igjen døra før politikaren får fullføra setninga.

Ved neste dør går det hakket verre.

– Feil side, seier mannen som opnar døra på gløtt. Og lukkar igjen med ein gong.

Kvinnene som opnar dører, er meir imøtekomande. Ane Stølen Guibert opnar døra, tek imot programmet og pratar med politikarane.

– Eg har aldri røysta Venstre. Men i år skal eg vurdera partiet med ope sinn, seier ho.

– Så hyggjeleg då, seier Benedicte Bøe når ho får Venstre-politikarane på døra. Breivik klappar hunden hennar, får levert frå seg partiprogrammet og litt laussnakk.

Damene har fått opp humøret til Breivik. Og saman med partikollegaen går han vidare. Målet er å få levert ut opp mot 50 valprogram.

– Ekspertane meiner at slike aksjonar er noko av det som gjev best resultat, seier Breivik og går vidare i regnet for å møta fleire veljarar.




**ÅSANE:** Benedicte Bøe og hunden synest det er kjekt med politikar på dør til dør-aksjon. – Så hyggjeleg då, seier Bøe til Breivik.

**Ulvik og Voss**

Han understrekar at han også vitjar Ulvik og Voss i løpet av valkampen.

– Eg skulle aller helst drive valkampen frå Ulvik. Men det er no ein gong slik at det er meir sentralt å jobba frå Bergen. Og at Bergen er ein viktig kommune for Venstre. Me vil ikkje berre redda stortingsplassen, me vil også bidra til at Venstre gjer eit godt val på nasjonalt plan. Og då er det viktig å gjera eit godt val i Bergen.

› **Ørjan Brattetveit**
obr@avisa-hordaland.no





**Dagens politikarpanel:**



EMMA GEITLE PEDERSEN · BASHIR ABDULLAHI · ANNA SUNDVE OLDE · GUDMUND ANDRESEN · VILDE PETTERSON · JOHANNES ANDRÉ SLETTEMARK · PERNILLE MUGÅS BJØRKHAUG · JOAR ESPELAND HAUG · JENNY HAUGO LEONARD

Fylg oss på Snapchat!

# Borna sitt val på skuleplassen

Må ein vera venstrehendt for å vera med i Venstre? Og treng Audun Lysbakken ny frisør? Dette meiner ekspertpanelet på Gjernes skule om politikarane våre.

Ingvild Siglen Berger | tekst
isb@avisa-hordaland.no
Sara Finne | foto
sf@avisa-hordaland.no



JONAS & CO.: Elevane på Gjernes skule fekk sjokk då denne gjengen kom ut i friminuttet! Bak politikarmaskene gøymer ekspertane frå 6. klasse seg. Dei har lært mykje om valet på skulen i år.



### Knut Arild Hareide

**GUDMUND:** – KrF er opptekne av familie. Òg at ein kan vera lenge heime med borna. Eg er kristen, og difor likar eg KrF.
**JOAR:** – Dei vil ha betre barnehagar og skular.
**JOHANNES:** – Dei er imot abort. Det kunne jo vore mykje fleire folk i Noreg dersom det ikkje var lov, så det er jo litt dumt.
**GUDMUND:** – Eg tykkjer det hadde vore bra med forbod mot det.
**PERNILLE:** – Ja, tenk kor mykje ein hadde angra dersom ein tok abort.



### Erna Solberg

**JENNY:** – Eg har møtt Erna ein gong og fekk klem av henne.
**GUDMUND:** – Høgre er for at det skal vera fleire lærarar i skulen, trur eg.
**JOAR:** – Dei er òg for raskare hjelp til folk som treng det.
**JENNY:** – Ho ser snill ut.
**EMMA:** – Eg vil at Erna skal vinna valet, fordi eg likar det ho gjer.
**GUDMUND:** – Eg likar Jonas betre enn Erna, men Høgre betre enn Ap. Så det er litt rart. Men mest likar eg KrF.
**EMMA:** – Hadde eg kjent Erna, så hadde eg nok stemt på ho dersom ho var venen min, sjølv om eg eigentleg ville stemma eit anna parti som til dømes Arbeidarpartiet.



### Jonas Gahr Støre

**JOHANNES:** – Dersom Jonas vinn valet, vert han statsminister.
**JOAR:** – Det står mellom Jonas og Erna.
**ANNA:** – Jordbruk er nok ei av sakene Ap bryr seg om.
**PERNILLE:** – Dei vil ha betre skular og fleire lærarar.
**GUDMUND:** – Ap vil at dei som er rike må betala meir skatt, og at dei fattige skal betala mindre. Òg dei vil ha arbeid til alle.
**JOAR:** – Det er jo urettferdig om folk som er rike skal betala like mykje som fattige.
**BASHIR:** – Ap vil òg ha eit grønare land. Men eg har sett mykje plastballongar, posar og godteripapir med Ap-logo slengja rundt om på Vangen og Amfi. Det er dumt å bruka plast viss dei er opptekne av klima!



### Siv Jensen

**EMMA:** – Eg tykkjer ho ser litt kul ut.
**GUDMUND:** – Eg likar ikkje måten ho plar å vera på. Ho vil ikkje ha flyktningar inn i landet.
**JOAR:** – Ho vil stengja dei ute frå landet fordi ho trur dei er terroristar.
**EMMA:** – Snart skal me ha «Barnas val» der me skal stemma. Eg veit det er dei vaksne som bestemmer, men eg ville ikkje hatt henne til å styra landet. Det er berre ei kjensle eg har, så eg ville heller hatt Jonas eller Erna.
**JOAR:** – Eller Knut Arild Hareide!
**GUDMUND:** – Eg såg på ein debatt på tv, der det verka som Høgre eigentleg vil ha regjering med KrF og Venstre, men at dei to partia ikkje er heilt einige med Frp. Siv har rare idear.
**PERNILLE:** – Eg såg òg ein debatt, der Siv og Knut Arild krangla skikkeleg.



### Bjørnar Moxnes

Ingen av 6. klassingane er sikre på kva Raudt sin partileiar heiter.
**JOAR:** – Men eg veit at han er uvenn med Siv Jensen. Dei kranglar om alt, og seier sikkert til kvarandre at den andre er dum.
**EMMA:** – Dei står nok litt for klimaet.
**GUDMUND:** – Eg veit at partiet står heilt på den eine sida i politikken. Han burde klippa skjegget sitt!



### Trine Skei Grande

**PERNILLE:** – Ho har kule briller.
**GUDMUND:** – Ho må for all del ikkje styra! Nei då, eg tulla.
**BASHIR:** – Venstre vil nok at alle som er med i partiet skal vera venstrehendte.
**PERNILLE:** – Det hadde vore kult.
**GUDMUND:** – Eg tippar Erna er høgrehendt.



### Trygve Slagsvold Vedum

**GUDMUND:** – Han har gøy latter!
**JOAR:** – Ja han er kjent for latteren sin.
**JOHANNES:** – Senterpartiet vil ha fleire skular.
**EMMA:** – Dei er for å ha fleire ting nær seg, og ikkje langt vekke.
**ANNA:** – Eg tykkjer han ser snill ut.
**JENNY:** – Nei, han ser mistenkjeleg ut!



### Rasmus Hansson

**JOAR:** – Dei vil ha betre klima, og vekk med boset i naturen.
**JENNY:** – Òg vekk med olja!
**JOAR:** – Ja, dei vil at me skal finna på noko anna.
**JOHANNES:** – MDG vil ha elbil til alle innan 2020, men eg trur det vert litt vanskeleg for dei i distrikta. Ein kan til dømes ikkje køyra elbil i fjelltraktene. Tesla er den einaste med lang nok rekkjevidde til sånt, men den funkar dårleg å ha på fjellet.
**GUDMUND:** – Men det er ikkje berre bilane som forureinar. Kupromp òg.
**PERNILLE:** – Kjem det ikkje til å ta lang tid og fjerna all olja?
**GUDMUND:** – Eg trur det er sånn at dei berre ikkje vil grava etter meir.
**BASHIR:** – Folk kastar mykje søppel i naturen og det er dumt.
**VILDE:** – Mange dyr vert sjuke av å eta plast, som kvalen.



### Audun Lysbakken

**GUDMUND:** – Han ser litt dum ut eigentleg, er det lov å seia?
**PERNILLE:** – Han har feil frisør.
**EMMA:** – Eg tykkjer han ser glad ut, som ein person som fortel mange vitsar.
**JOAR:** – Eg tykkjer han ser misfornøgd ut, med litt falskt smil.
**GUDMUND:** – Men politikken er sikkert ikkje så dum!

# Senterpartiet er den store vinnaren




**RESULTAT FRÅ SKULEVALET 2017:** 85 prosent av elevane på Voss gymnas og Voss vidaregåande skule røysta ved skulevalet i år. Pilane viser skilnaden frå skulevalet før stortingsvalet i 2013. GRAFIKK: WILHELM TVEDT

Og hakk i hel kjem Raudt. Begge partia har hatt stor auke hjå elevane sidan skulevalet i 2013.

**› SKULEVALET VOSS 2017**

Måndag var det skuleval på Voss gymnas og Voss vidaregåande skule, og av dei totalt 934 elevane som går på dei to skulane var det 794 som røysta. Den store vinnaren her på Voss vart Senterpartiet, som fekk 23 prosent av stemmene til elevane. Dei går også opp 11,7 prosentpoeng sidan skulevalet før stortingsvalet i 2013. På ein god andreplass kjem Raudt, som fekk 15,6 prosent av stemmene og går opp 9 prosentpoeng sidan 2013.

**Høgre går mest ned**

Sett bort frå desse to partia går alle dei andre partia ned sidan skulevalet i 2013. Det er partia på høgresida som har mista flest veljarar, og den store taparen er Høgre som har fått 8,4 % mindre stemmer denne gongen.

Før elevane gjekk til urnene vart det arrangert politisk debatt på begge skulane måndag, med ungdomspolitikarar i panelet. Her sto samferdsel, miljø og skulepolitikk på agendaen.

– Det var ein sakleg og grei debatt, tykkjer eg, seier Unn Fauskanger som er rektor på Voss gymnas.

– Og det verka som om elevane engasjerte seg i alle tre temaa, faktisk. Politikarane fekk mange spørsmål frå salen, seier ho.

**Raudt vann på gymnaset**

På Voss vidaregåande skule er det Senterpartiet som peiker seg ut som den klare vinnaren, med 34 prosent av stemmene. På Voss gymnas var stemmene meir jamt fordelte, og Raudt gjekk av med sigeren her med 19,2 prosent.

– Dette trur eg har mykje med denne politiske debatten å gjera. Her var det ingen klar vinnar, slik som eg såg det, og då får me heller ikkje dei store skilnadene i røystinga, seier Fauskanger på Voss gymnas.

Nasjonalt gjorde SV det godt i årets skuleval med framgang på 2,5 prosentpoeng til 10 prosent, medan Ap framleis er størst totalt sett. Partiet som gjekk mest ned på landsbasis, var Høgre.

**› Sara Finne**
sf@avisa-hordaland.no

## Valresultat Voss gymnas

| | |
|---|---|
| Raudt: | 19,2 % |
| Senterpartiet: | 16,3 % |
| Venstre: | 80 % |
| Arbeiderpartiet: | 13,5 % |
| Sosialistisk Venstreparti: | 12,3 % |
| Høgre: | 9,3 % |
| Framstegspartiet: | 5,5 % |
| Miljøpartiet Dei Grøne: | 4,1 % |
| Kristeleg Folkeparti: | 0,7 % |
| Blank røyst: | 2,9 % |
| Valoppmøte: 8 | 9,2 % |

## Valresultat Voss vidaregåande

| | |
|---|---|
| Senterpartiet: | 34,8 % |
| Arbeiderpartiet: | 11,7 % |
| Raudt: | 9,3 % |
| Høgre: | 9,3 % |
| Framstegspartiet: | 8,6 % |
| Sosialistisk Venstreparti: | 8,6 % |
| Venstre: | 7,9 % |
| Miljøpartiet Dei Grøne: | 4,1 % |
| Liberalistane: | 2,8 % |
| Kristeleg Folkeparti: | 0,7 % |
| Piratpartiet: | 0,7 % |
| Kystpartiet: | 0,7 % |
| Partiet Dei Kristne: | 0,3 % |
| Alliansen: | 0,3 % |
| Blank: | 6,9 % |
| Valoppmøte: | 78,5 % |



**DEBATT:** Før elevane gjekk til valurnene vart det arrangert politisk debatt, både på Voss vidaregåande skule og på Voss gymnas. Her frå debatten på Voss gymnas. FOTO: VOSS GYMNAS

## – Ikkje kapasitet for fleire tiltak mot barnefattigdom

**Kvifor søkjer ikkje Voss kommune om midlar for tiltak mot barnefattigdom?**

**› VOSS**

Det var Iril Schau Johansen (H) som tok opp temaet, i kommunestyret sist veke. Ho viste til at det for året 2017 står att heile 193,4 millionar kr på nasjonale tilskotsordningar som kommunane kan søkja på, øyremerkte for samarbeidstiltak med frivillige organisasjonar.

– Kvifor ikkje Voss?

– Voss kommune står ikkje på listene over kommunar som har søkt på desse midlane. Kvifor ikkje? – undra Schau Johansen. Og ho spurde direkte: – Vil ordføraren syta for at kommunen nyttar seg av desse støtteordningane frå no av?

Av ordføraren sitt svar gjekk det likevel fram at ingenting vil skje raskt i saka.

– Kommunane får tilbod om og vert oppmoda til å vera med i ei rekkje prosjekt og støtteordningar. Felles for dei fleste er at dei krev lokal eigeninnsats og finansiering, konstaterte Hans-Erik Ringkjøb (Ap).

– Av den grunn seier søkjer me på nokre, men ikkje alle.

**– Ikkje kapasitet**

Grunnen til at det ikkje vart søkt om midlar frå denne potten, var at ein på dét tidspunktet hadde fokus på ei lovendring i høve sosialhjelpsmottakarar under 30 år. Frå nyttår 2017 vart det innført aktivitetsplikt for denne gruppa av brukarar. Her skulle ein gjera eit større arbeid med å få på plass eit tilbod og mykje tid og ressursar vart brukt på dette. Ein fann då ut at det ikkje var kapasitet til å gjera begge delar. Dersom ein søkte midlar, måtte ein og sjølvsagt hatt eit godt prosjekt i botnen, opplyste Ringkjøb.

– Ordførar vil difor oppmoda om at gode og relevante støtteordningar som òg Voss kommune kan nytta seg av, vert tekne i bruk. Men ein må gjera ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle, ut frå kapasitet og at ein kan gjennomføra dei krava som er sette til dei ulike støtteordningane.

**› Rolf Tepstad**
rt@avisa-hordaland.no

## Overdraging av eigedomar i Vaksdal kommune

**Tinglyste i august.**
Gnr 45, bnr 205 er overdrege for kr 10.000 frå Sigrunn Stamnes Vik til Kari Helen Jahren Gullbrå (04.08.2017).

Trollkjelsvegen 53 (Gnr 17, bnr 138) er overdrege for kr 2.500.000 frå Jolanta Pustkowska og Jozef Pustkowski til Abdulla Saqer Abdulla Majed Almarri og Muna Mohammed Ahmad Kharaitan Almarri (08.08.2017).

Skarvastølsvegen 16 (Gnr 74, bnr 1, fnr 14) er overdrege for kr 600.000 til Målfrid Norunn Bernes (09.08.2017).

Nedre Eikhaugen 15 B (Gnr 22, bnr 408) er overdrege for kr 1.500.000 frå Johan Bruvik og Wenche Bruvik til Åsmund Ovesønn Eide og Louella Maria Mekes (10.08.2017).

Herfindalsvegen 40 (Gnr 15, bnr 15) er overdrege frå Gunvor Olivia Olsnes til Berit Boge, Oddvar Birger Olsnes og Kjellaug Sæterdal (22.08.2017).

Del av Herfindalsvegen 40 (Gnr 15, bnr 15) er overdrege for kr 300.000 frå Berit Boge og Kjellaug Sæterdal til Oddvar Birger Olsnes og Helga Rosten (22.08.2017).

Tveitane 15 (Gnr 14, bnr 408, seksjon 2) er overdrege for kr 2.817.900 frå Sissel Rupsys-Tandberg og Tadas Rupsys-Tandberg til Hanne Mehus Lie og Thomas Berentsen Vassdal (25.08.2017).

Gnr 10, bnr 14 er overdrege frå Erling Langhelle til Statens Vegvesen (28.08.2017).

Eksingedalsvegen 1369 (Gnr 58, bnr 19) er overdrege frå Toralv Lavik til Ørjan Dyregrov Lavik (29.08.2017).

Vaksdalsvegen 1955 (Gnr 20, bnr 206) er overdrege for kr 12.000 frå Anders Stanghelle til Hans Kristian Drægni (29.08.2017).

Skarvastølsvegen 28 (Gnr 74, bnr 1, fnr 22) er overdrege for kr 2.200.000 frå Marit Hilde Johannessen Østvold og Sverre Romseland Østvold til Grete Skorpen Nygaard og Lars Sverre Nygaard (31.08.2017).

*Kjelde: Statens kartverk*




## Ungdom positiv til nytt ungdomskort

**Sosialistisk Ungdom vil ha nasjonalt ungdomskort til 200 kroner. – Høyrest bra ut, seier Johanne Hustoft (18).**

**› VAL 2017**

Andreas Sjalg Unneland, sentralstyremedlem i SU og femte kandidat for Hordaland SV, ville spesielt snakka med dei unge då han nyleg var på Voss. Årsak: No vil partiet ha eit nasjonalt ungdomskort til 200 kroner.

– Me opptekne av å løysa klimakrisa, og av å gjera livet enklare for for folk flest, seier Andreas Sjalg Unneland.

– Dette er eit kort som gjer at du kan reisa med kollektivtransport (tog, buss og båt) i heile Noreg fram til fylte 25 år – til berre 200 kroner.

**God respons**

Sjalg Unneland stoppa mange vossingar på Vangen, og fekk positiv respons på framlegget.

– Eg har ikkje ungdomskort, seier Johanne Hustoft. – Men om det berre kostar 200 kroner månaden og ein kan bruka det over heile landet, så ville eg nok ha skaffa meg eitt, seier ho.

Fyrstegongsrøystaren har ikkje bestemt seg for kva parti ho skal støtta. Ho vil ikkje seia noko om dette framlegget påverkar valet hennar.

**Fridom**

Sosialistisk Ungdom meiner eit betre ungdomskort, vil gje ungdom meir fridom.

– Buss er viktig for heile samfunnet. Buss fjernar kø, er meir miljøvenleg enn bil, og gjev folk fridom til å koma seg rundt. Denne fridomen er spesielt viktig for ungdom og folk som ikkje har tilgang til bil, seier Andreas Sjalg Unneland.

– Korleis skal ein finansiera dette?

– Denne regjeringa har teke seg råd til ein skattefest til 22 milliardar. Og dei går til val på endå større skattekutt. Me vil heller satsa på fellesskapet, og det tyder at dei som har mest i samfunnet, skal bidra meir. Det vil t.d. gje oss pengar til ei satsing på kollektivtransport.

**› Ørjan Brattetveit**
obr@avisa-hordaland.no



**UNGDOMSKORT:** Øyvind Kinneberg og Johanne Hustoft i samtale med SV-politikar Andreas Sjalg Unneland om nytt og betre ungdomskort.






# Senterpartiet størst på Voss sin hordalandsbenk

**Med Nils T. Bjørke som kampkandidat, ligg Senterpartiet an til å bli største partiet på Voss 11. september.**



OSLO NESTE: Nils T. Bjørke opplever så sterke tal på Voss no at det kan bli fast plass på Stortinget etter valet. ARKIVFOTO: GEIR GEITLE

› VOSS

Målinga Norfakta gjorde for Hordaland denne veka syner at Sp no har passert Ap i kampen om hegemoniet her lokalt.

Sp sine 26,7 prosent mot Ap sine 24,9 er likevel innanfor feilmarginane, som vert oppgjevne å vera inntil 3,8 prosent. Kven som faktisk er størst, lyt me difor venta til valnatta med å fastslå.

Målinga me i dag presenterer er basert på 601 telefonintervju.

**Sp klar vinnar**

Senterpartiet sankar no røyster frå heile det politiske landskapet, minus Raudt. Ut frå Norfakta sine bakgrunnstal er det Venstre som blør aller mest, samanlikna med stortingsvalet i 2013, men folk strøymer også i store flokkar over frå Ap og Frp. I tillegg har Dei Grøne, SV og KrF òg gjeve frå seg ein god slump veljarar til Sp sidan 2013.

Av stortingspartia er det elles berre SV som maktar å auka oppslutnaden sidan sist det var stortingsval, opp frå 5,2 til 6,6 prosent. KrF står på staden kvil, med 6,2 prosent, og opplever hyggjeleg tilsig av unge veljarar. Raudt når 4,4 prosent på målinga, som er ei firedobling sidan stortingsvalet i 2013. Ut frå Norfakta sine tal er det dermed Raudt som ligg nærast til å ta sistemandatet i Hordaland, basert på Voss kommune sine tal.

**Venstre slit ille**

På borgarleg side er Venstre den store taparen på alle vis. Venstre taper mest i faktiske tal (minus 4,5 prosentpoeng), og ikkje minst ville partiet ha tapt sin stortingsplass dersom Voss var Hordaland. I 2013 var det motsett: med røystetal på 7,2 prosent var vossingane med og sende Terje Breivik inn på Stortinget.

Men også Høgre blør no kraftig, samanlikna med det historisk gode valet i 2013. Trass ein tilbakegang på heile 4,4 prosentpoeng samanlikna med 2013, gjev det likevel ikkje utslag for mandatsituasjonen. Partiet har stadig ein oppslutnad på Voss tilsvarande tre mandat. – Men Høgre har sistemandatet i målinga, opplyser Nils-Olav Vassås i Norfakta.

Regjeringspartnar Frp klarer seg då monaleg betre, med praktisk talt same oppslutning no som sist. Frp får nesten like mange veljarar inn att frå Høgre som dei gjev frå seg til Senterpartiet.

**Dei unge sviktar Ap**

Kva så med Arbeidarpartiet, partiet som stort sett har vore klart størst på Voss i moderne tid?

Trass i Linda Merkesdal som lokal kampkandidat (6. plassen på lista), stuper Ap ned 3,7 prosent samanlikna med stortingsvalet 2013.

Forklaringa ligg til ein viss grad i overgang til andre parti, som Sp og SV, men like mykje i problem med å henta inn unge veljarar. Nykkelen i så måte ligg hjå aldersgruppa under 30 år. Her klarer Ap berre å appellera til 14 prosent av dei spurde, medan Senterpartiet får heile 39 prosent. At partiet Raudt med sine 13 prosent er nesten like store som Ap hjå vossingar under 30, burde vera ein tankekors både for Jonas og Hans-Erik!

For Miljøpartiet Dei Grøne må målinga på Voss vera eit stort vonbrot. Grøne veljarar let til å føretrekkja Sp og SV, og MDG hamnar difor langt unna stortingsplass.

Andre parti får så å seia ikkje røyster på Voss. Av dei 11 andre partia som stiller liste i Hordaland, er det berre «De Kristne» som i det heile har veljarar på Voss ut frå vår måling. Oppslutnaden deira er likevel berre 0,2 prosent.

› **Rolf Tepstad**
rt@avisa-hordaland.no

| Parti | Oppslutnad | Endring | Kandidatar |
|---|---|---|---|
| Senterpartiet | 26,7% | +9,9% | Kjerti Toppe, Nils T. Bjørke, Sara Hamre Sekkingstad, Hans Inge Myrvold |
| Arbeiderpartiet | 24,9% | ÷3,7% | Magne Rommetveit, Jette Christensen, Eigil Knudsen, Ruth Grung |
| Høgre | 16,3% | ÷4,4% | Erna Solberg, Ove Trellevik, Peter Christian Frølich |
| Frp | 10,0% | ÷0,4% | Helge Andre Njåstad, Silje Hjemdal |
| SV | 6,6% | +1,4% | Audun Lysbakken |
| KrF | 6,2% | – | Knut Arild Hareide |
| Raudt | 4,4% | +3,3% | |
| Venstre | 2,7% | ÷4,5% | |
| mdg | 2,1% | ÷0,6% | |

## Ap: – Valdagen som gjeld

**– Målinga er interessant, og peikar fram mot eit spennande val.**

› VOSS

– Men som eg før har sagt, det er berre den store målinga måndag som gjeld, seier Linda Monsen Merkesdal, nr 6 på Hordaland Ap si stortingsvalliste.

Dersom Voss var Hordaland, ville Arbeidarpartiet fått inn fire mandat frå fylket vårt, som likevel er to for lite til å lyfta vår lokale kandidat fram til Oslo.

– Du har framleis nokre dagar på å overtyda tvilarar, korleis planlegg de innspurten?

– Laurdag skal me ha valkampavslutning på Torget. Då skal me grilla gris på Torget, så der håpar me på mykje folk og stor stemning. Senterpartiet skal forresten grilla lam på standen ved sida av, etter planen. Dermed vil folket få sjansen til å grilla oss politikarar samstundes, så dette bør bli moro for alle, seier Linda Monsen Merkesdal muntert.

› **Rolf Tepstad**
rt@avisa-hordaland.no

## Sp: – Svært motiverande

**– Gode meiningsmålingar er svært motiverande, vedgår Nils T. Bjørke, som no kan konstatera at Sp er størst på Voss.**

› VOSS

Om vossingane skulle bestemt her i Hordaland, ville ikkje berre listetopp Kjersti Toppe og Bjørke med sin andreplass susa inn på Stortinget, men også nr 3 og nr 4 på Sp-lista. Totalt for fylket er det nok likevel slik at 58-åringen frå Voss er kampkandidaten.

– Den gode målinga på Voss er òg heilt i pakt med stemninga me merkar når me snakkar med folk no i valkampen. Eg trur me får betalt for å stå på for lokalsamfunna og mot sentralisering. Senterpartiet vil at alle avgjerder skal skje nærast mogleg dei det gjeld, og me er tydelege både i samferdslespørsmål og når det gjeld kommunesamanslåingar, for å ta to døme. Jau, eg gler meg til valnatta, fastslår Nils T. Bjørke.

› **Rolf Tepstad**
rt@avisa-hordaland.no

## Høgre: – Har etablert oss

**– Trass tilbakegang, vel eg å tolka målinga positivt, seier Iril Schau Johansen.**

› VOSS

Ho har 9.-plassen på Hordaland Høgre si valliste, og ligg såleis godt unna stortingsplass. Etter brakval og 20,7 prosent oppslutnad for Høgre i 2013, ligg partiet no an til 16,3 prosent på Voss.

– At me får tilbakegang samanlikna med valet for fire år sidan, er ikkje uventa. Den gong gjorde Høgre eit historisk godt val på Voss, og sjølv med eit resultat på 16-talet vil me ha eitt av våre aller beste stortingsval. Det gledelege med den ferske målinga er difor at me no har stabilisert oss på eit høgt nivå, noko som gjev oss ekstra inspirasjon no i valinnspurten.

– Ut frå bakgrunnstala i målinga har ein av ni veljarar frå 2013 enno ikkje bestemt seg for partivalet måndag. Kva vil du gjera for å overtala desse?

– Folk som framleis er i tvil, eller har spørsmål kring politikken vår, må gjerne kontakta meg direkte. Viktig at flest mogleg stiller i vallokalet måndag, seier Iril Schau Johansen.

› **Rolf Tepstad**
rt@avisa-hordaland.no

## Venstre: – Skuffande, sjølvsagt

**Listetopp Terje Breivik vedgår at 2,7 prosent oppslutnad på Voss er skuffande tal.**

› VOSS

– Men heldigvis får me no stadig betre tal andre stader. Både humør og nattesøvn er difor utmerka, forsikrar ulvikjen.

– Tala frå Norfakta viser likevel at 28 prosent, nesten ein av tre veljarar frå 2013, framleis sit på gjerdet. Kva skal du gjera for å få dei til å røysta Venstre igjen?

– Målinga viser at me lyt stå på til siste slutt for å forklara veljarane at Venstre er fremste garantist for at den fantastiske utviklinga vossaregionen no opplever kan halda fram. Både for oppstart av K5 i 2021 og for overføring av statlege oppgåver til det nye Voss herad frå 2020 vil eit sterkt Venstre vera heilt avgjerande, seier Breivik. – Nykkelen til fire nye år med Erna ligg i eit Venstre over sperregrensa. Og i fylgje dei fleste målingar er me akkurat der no. Men det blir opplagt neglebiting til langt inn i valnatta, seier ein optimistisk Terje Breivik til Hordaland.

› **Rolf Tepstad**
rt@avisa-hordaland.no




FALL: Terje Breivik og Venstre har ifylgje vår meiningsmåling ei oppslutning på 2,7 prosent mellom vossingane, og er med det langt under sperregrensa. FOTO: ØRJAN BRATTETVEIT

## Slik er Vossatinget

**Hadde vossingane fått bestemma hadde SP og Ap hatt fleirtal åleine.**

På Stortinget sit det 169 representantar frå 19 valdistrikt. For å danna ei fleirtalsregjering, må ein ha 85 representantar med på laget. Hadde landet stemt som Voss ville Ap og Sp med sine totalt 91 representantar hatt fleirtal åleine.

| | |
|---|---|
| Sp | 47 |
| Ap | 44 |
| Høyre | 28 |
| Frp | 17 |
| SV | 12 |
| KrF | 11 |
| Rødt | 8 |
| MDG | 1 |
| Venstre | 1 |

*Meiningsmålinga er utført av Norfakta Markedsanalyse 4. og 5. september, basert på 601 telefonintervju. Tala i grønt og raudt er samanlikna med stortingsvalet 2013. Feilmarginen er inntil 3,8 prosent.*

TYSDAG
# Hordaland
2. UTGÅVE
12. SEPTEMBER 2017 • NR 98 • 134. ÅRGANG • GRUNNLAGT 1883 • LAUSSAL KR 25,-

VOSS LIFTUTLEIGE
Utleige av maskiner og utstyr

# Erna og Terje jublar

Erna Solberg går på ein ny periode som statsminister for Noreg. Terje Breivik frå Ulvik får etter alt å døma fornya tillit som Stortingsrepresentant for fire nye år. Nils T. Bjørke og Senterpartiet gjer eit brakval, men det ser likevel ikkje ut til å halda for fast stortingsplass for bonden frå Bjørke. Arbeidarpartiet gjer eit svært skuffande val, og Linda Monsen Merkesdal vert andre vararepresentant. Val side 11, 12, 13, 14 og 15



**TERJE! TERJE!:** Venstrefolket jubla for Terje Breivik då han kom inn på valvaka på Cafe Opera i Bergen i går kveld. FOTO: ØRJAN BRATTETVEIT



## Halvvegs til hundre for Mjølfjell kapell

## Festdag for vossa-fotballen

Både nedrykkstruga herrar og opprykksjagande damer kunne feira heimesiger for Voss i Prestegardsmoen laurdag. Side 17 og 18








**VALVAKE:** Terje Breivik med sider frå Hardanger i glaset er her på veg inn til valvake for Venstre på Cafe Opera. – Dette kan gå vegen, seier han. FOTO: ØRJAN BRATTETVEIT

# Spenning for Brevik på vippen

Terje Breivik trivst på vippen i politikken. I går kveld gjekk det mot ny periode på Stortinget.

**VALVAKE CAFÉ OPERA**

– Dette er skikkeleg spennande. No er me på vippen av sperregrensa. Det er lov å håpa på 7–8 mandat, seier Terje Brevik til Hordaland i 22-tida måndag. Men la han til:

– Det kan også enda med berre to.

– Og er du klar for ny periode på Stortinget?

– Kjem me over sperregrensa, trur eg at eg er inne. Kjem me under, er det verre. Det kan vera med utjamningsmandat, seier Breivik. Han var bra nøgd med prognosane.

– Det har gått betre for oss dei siste vekene, seier han.

Litt før kl. 23 var Breivik endå meir optimistisk. Venstre låg då på 4,1.

– Akkurat no er eg inne, men natta er lang, seier Breivik til Hordaland før han tek mikrofonen og takkar venstrefolket for ein svært god valkamp.

– Eg har vore med på nokre valvaker før, så eg tek ingenting på førehand. Men dette vert uansett langt betre enn det såg

ut til for kort tid sidan.

### Rulleski og middag

Venstre hadde valvake på Cafe Opera i Bergen. Stemninga var spent, men optimistisk til den fyrste prognosen frå TV2 vart vist kl. 21.00. Men 1. kandidat Terje Breivik var ikkje til stades då.

– Eg sjekkar inn på hotellet og er der snart, sa Brevik til Hordaland på mobil like før 21.00. Han kom frå heimbygda Ulvik, der han starta dagen med ei økt på rulleski før han røysta og laga middag til familien før han køyrde til Bergen.

### Livleg valvake

– Jaaaa! jubla venstrefolket då dei borgarlege hadde 91 mot 76 mandat. Venstre låg akkurat over sperregrensa på 4 prosent og med sjanse for sju kandidatar.

Kl 21.30 var stemninga noko uviss. Tala viste Venstre like under sperregrensa og med berre to mandat.

Like etter kom Terje Breivik til Cafe Opera. Og stemninga stod i taket.

– Terje! Terje! Terje! ropa venstrefolket. Og Terje Brevik smilte og skåla med sider frå Hardanger.

Terje Breivik vart valt inn på Stortinget i 2013. Før det var han partisekretær i Venstre frå 2005. Han har også vore ordførar i Ulvik.

Ørjan Brattetveit
obr@avisa-hordaland.no

# Erna held fram som statsminister

**Alt tyder på at Erna Solberg kjem til til å halda fram som statsminister for Noreg. Dessutan tyder mykje på at Terje Breivik får fire år til på Stortinget.**

› VOSS

Arbeidarpartiet framstår på mange måtar som den store taparen etter stortingsvalet. Partiet gjekk tilbake etter fire år i opposisjon, noko som alle i partiet må vera kraftig misnøgde med.

Erna Solberg har derimot klart kunststykket å bli attvalt etter fire år som statsminister. Berre Kåre Willoch har klart det same på borgarleg side, då i 1985. Den gongen enda det med at Willoch gjekk av etter eitt år, noko som neppe skjer denne gongen.

**Breivik spurta sterkt**
Mykje av spenninga var knytt til våre tre kandidatar. Terje Breivik har gjort det godt i sluttspurten, og Venste ser ut til å koma over sperregrensa på fire prosent. Og ulvikjen er inne som sistemandatet frå Hordaland då Hordaland avsluttar redaksjonen i 23-tida måndag kveld.

Likevel opplever Venstre og Breivik sterkt fall i våre kommunar i indre Hordaland.

**Neppe fast plass til Bjørke**
Nils T. Bjørke har gjort eit brakval i indre Hordaland, og Senterpartiet er største partiet på Voss. Likevel heldt det ikkje til at Senterpartiet får to mandat frå Hordaland.

Kjersti Toppe ser ut til å verta einaste Senterparti-representanten frå Hordaland på Stortinget, men legekvinna frå Bergen får Bjørke som ein sterk vararepresentant. Uansett har Senterpartiet og Bjørke gjort eit solid val.

**Merkesdal vert vara**
Linda Monsen Merkesdal må også førebu seg på ein periode som vararepresentant. Med sin sjetteplass på Ap-lista var ho ikkje i nærleiken, i og med at Ap berre får fire representantar frå Hordaland, og ikkje kjem i regjeringsposisjon.

Vossekvinna kunne fått plass som fast møtande vararepresentant med Ap i regjering, men det ser det ut til at Jonas Gahr Støre & co må skyta ei kvit pil etter.

Hordaland sin redaksjon vart avslutta kl 23 måndag kveld.

› **Geir Geitle**
gg@avisa-hordaland.no



**STATSMINISTER:** Erna Solberg, her under besøk på Fjose gard i august 2015, er etter alt å døma klar for nye år som statsminister.
FOTO: INGERID JORDAL









| Granvin | | |
|---|---|---|
| Raudt | 1,9% | +0,3 |
| SV | 5,8% | +1,4 |
| Arbeidarpartiet | 17,9% | -0,9 |
| Senterpartiet | 38,4% | +17,5 |
| MDG | 2,8% | -0,5 |
| Venstre | 4,0% | -9,0 |
| KrF | 1,1% | -1,6 |
| Høgre | 18,9% | -0,1 |
| Framstegspartiet | 7,7% | -10,2 |
| Andre | 1,4% | +1,4 |



| Eidfjord | | |
|---|---|---|
| Raudt | 0,6% | -0,2 |
| SV | 3,2% | +0,6 |
| Arbeidarpartiet | 25,2% | -4,9 |
| Senterpariet | 26,1% | +11,2 |
| MDG | 0,9% | -0,8 |
| Venstre | 1,7% | -2,6 |
| KrF | 1,7% | -1,3 |
| Høgre | 26,3% | +0,4 |
| Framstegspartiet | 13,3% | -0,9 |
| Andre | 0,9% | -1,9 |



| Ulvik | | |
|---|---|---|
| Raudt | 1,9% | +0,8 |
| SV | 6,7% | -0,3 |
| Arbeidarpartiet | 20,1% | -4,2 |
| Senterpartiet | 34,0% | +15,4 |
| MDG | 1,8% | -0,5 |
| Venstre | 10,0% | -9,8 |
| KrF | 2,6% | -2 |
| Høgre | 11,1% | 0 |
| Framstegspartiet | 10,1% | -0,3 |
| Andre | 1,8% | -0,2 |



| Vaksdal | | |
|---|---|---|
| Raudt | 0,7% | +0,1 |
| SV | 7,1% | +2,8 |
| Arbeidarpartiet | 31,2% | -5,4 |
| Senterpartiet | 16,6% | +11,9 |
| MDG | 2,0% | -1,1 |
| Venstre | 1,5% | -1,6 |
| KrF | 6,0% | -2,8 |
| Høgre | 17,2% | -5,2 |
| Framstegspartiet | 16,0% | +0,4 |
| Andre | 1,6% | +0,2 |



| Modalen | | |
|---|---|---|
| Raudt | 1,0% | +0,5 |
| SV | 3,6% | +1,5 |
| Arbeidarpartiet | 16,2% | -4,3 |
| Senterpartiet | 40,1% | +5,9 |
| MDG | 2,5% | -2,2 |
| Venstre | 1,5% | -0,6 |
| KrF | 6,1% | -6,0 |
| Høgre | 17,8% | +4,1 |
| Framstegspartiet | 9,1% | +0,2 |
| Andre | 2,0% | -0,1 |



| Voss | | |
|---|---|---|
| Raudt | 1,8% | +0,7 |
| SV | 5,5% | +0,4 |
| Arbeidarpartiet | 24,1% | -4,7 |
| Senterpartiet | 29,5% | +12,6 |
| MDG | 3,1% | +0,4 |
| Venstre | 3,5% | -3,5 |
| KrF | 3,7% | -2,5 |
| Høgre | 18,2% | -2,6 |
| Framstegspartiet | 9,8% | -0,5 |
| Andre | 0,9% | -0,3 |



| Ullensvang | | |
|---|---|---|
| Raudt | 1,9% | +1,1 |
| SV | 5,5% | +2,9 |
| Arbeidarpartiet | 16,0% | -14,1 |
| Senterpartiet | 35,4% | +15,5 |
| MDG | 2,2% | +0,5 |
| Venstre | 3,7% | -0,6 |
| KrF | 3,3% | +0,3 |
| Høgre | 20,2% | -5,7 |
| Framstegspartiet | 10,6% | -3,6 |
| Andre | 1,3% | -1,5 |

Bø blad

Lokalavis for Midt-Telemark

VAL 2017

## Førstegongsveljarane:

# – Det er viktig å bruke stemmeretten

**– Skal me bevare demokratiet må me bruke stemmeretten. Det meiner to av førstegongsveljarane ved Stortingsvalet til hausten.**

Marta Kjøllesdal
marta@boblad.no - tlf 976 88 692

– Eg må nok setje meg meir inn i det før valet, men eg skal stemme, seier Ingrid Aase Cowles.

– Eg skal stemme. Det er politikarane som bestemmer over oss og eg har lyst til å bruke stemmeretten, svarar Olav Aase Cowles.

Dei to er søsken, 18 og 19 år gamle, og begge er førstegongsveljarar i haust. Det vil seie, dei har hatt sjanse til å stemme ein gong før. I fjor vår kunne nemleg innbyggjarane i Bø seie ja eller nei til om kommunen skulle slå seg saman med Nome og Sauherad. Då kunne 16-åringane også stemme. Det nytta Olav seg av, men ikkje Ingrid.

– Det er viktig å vere med. Det blir ikkje demokrati utan at ein del av oss er med og stemmer, påpeikar Olav.

*– Tenkjer de på at me har frie val i Norge, medan andre kan ha val, men ikkje det me vil kalle frie val?*

– Det er spesielt i Noreg at me har hatt demokrati så lenge og at så godt som alle vaksne kan stemme, tykkjer Olav.

– Det er veldig viktig og noko me ikkje skal ta for gitt. Me har også ein god velferdsstat, så då får me heller betale skatt, seier Ingrid.

**Vurderer Høgre**

Dei to har ikkje sett seg inn i dei ulike partiprogramma enno, men Olav har tenkt på å stemme Høgre.

– Eg må studere det meir. Eg er litt einig i nokre ting, men ikkje alt. Eg må finne det partiet som eg er mest einig med, seier Ingrid.

Ho har ikkje prøvd nokon av dei ulike «valomatane» ein kan finne på nett

*– Er det nokre saker som er viktigare enn andre når de skal velje parti?*

– Utdanning er viktig. Regjeringa har gjort ein del bra ting på det feltet. Eg er einig i innføringa av fråværsgrensa. Høgre vil ruste opp politiet, det er veldig viktig. Forsvaret er også viktig, me treng eit sterkt forsvar, meiner Olav.

– Utdanningstilbodet er veldig viktig. Det er også viktig at me har eit godt helsetilbod, meiner Ingrid.

Også ho er oppteken av forsvaret og at det er rusta til det som skjer.

– Men det må ikkje bli truande, me må også vere opne, seier Ingrid.

Miljø er ei anna sak som Ingrid trekkjer fram.

– Eg tykkjer at ein må satse langsiktig på jernbaneutbygging og få ned billettprisane, seier ho, og legg til at det vil gi miljøgevinst.

Ho ønskjer at alle land tek ansvar for å hindre global oppvarming, det skjer no.

**Informasjon på nett**

*– Er de meir politisk interessert enn andre ungdommar?*

– Eg trur ikkje det. Alle har meiningar sjølv om dei kanskje ikkje seier så mykje. Me har det veldig bra. Likevel er det viktig at me brukar retten til å stemme, meiner Ingrid.

Dei to ser ikkje bort frå at enkelte ikkje bryr seg om val og politikk fordi me har det så bra.

*– Diskuterer de politikk heime?*

– Ikkje så mykje, men det hender. Pappa er interessert i politikk, seier Olav.

– Det hender når noko har vore oppe i nyheitene, supplerer storesøster.

Når Ingrid og Olav skal skaffe seg informasjon om kven dei til slutt skal velje å støtte er det Internett som gjeld. Det hender Olav les i papiraviser, men å gå på stand på torget for å få snakke med politikarane er ganske fjernt for dei. Ved sist kommuneval var det skuleval. Då kom representantar for dei ulike partia til skulane og hadde debattar.

– Det vart vel litt om kva partiet meiner, men eg trur det vart ein del personlege meiningar òg sist, seier Ingrid.

Ho hugsar godt representanten for Rødt som berre sa: Ikkje stem, det hjelper ikkje likevel.

– Når me skulle stemme etterpå følte eg at me stemde mykje på person og ikkje på sak, minnest Olav.

Dei meiner at ved neste skuledebatt bør det gjerast betre.

Politikarane bestemmer

*– Opplever de at det betyr noko for dykk kven som sit på Stortinget?*

– Ja, eg trur det påverkar mykje, dei bestemmer det meste, meiner Olav.

– Fråværsgrensa som politikarane innførte i fjor betyr noko, påpeikar Ingrid.

Den sitjande regjeringa innførte ei fråværsgrense på 10 prosent for udokumentert fråvær frå sist skuleår. Det kunne den først innføre etter å ha fått fleirtal for ei prøveordning i Stortinget. Arbeiderpartiet var i utgangspunktet imot, men snudde. Studentane protesterte og demonstrerte, men det har ikkje ført fram så langt, derimot ser det ut til at fråværet på vidaregåande skular har gått kraftig ned.

– Vekte innføringa av fråværsgrensa mange unge?

– Det var mange som var sinte og irriterte, men eg kjenner fleire som ikkje ville gått på skulen utan, seier Olav.

Ingrid peikar på problemet det medførte for legane at mange elevar ville ha sjukemelding for forkjølingar. Ho peikar på at elevane er forskjellege og reagerer ulikt. Nokre går på skulen sjølv om dei er sjuke. Det kan vere OK, berre ikkje heile skulen blir smitta.



***Gjer borgarplikta.** – Me har ein god velferdsstat, det skal me ikkje ta for gitt, meiner Ingrid Aase Cowles. Ho og broren Olav skal bruke retten, og nokre vil meine plikta, til å stemme ved valet i haust.*

**På førehand**

Ingrid skal flytte frå Bø og vil stemme på førehand. Ho trur det kan vere ein fare for at det å stemme forsvinn i andre ting dersom ho skal stemme på studieplassen. Olav reknar med å gå i stemmelokalet som han gjorde då det var avstemming om kommunesamanslåing. Då var det stemmelokale på Folkestad skule, no blir det i Gullbring.

– Ja, eg kjenner meg litt meir vaksen når eg kan stemme, innrømmer Olav. Ingrid nikkar.

*– Trur du du blir i tvil når du står der og skal sleppe stemmesetelen i urna?*

– Nei, seier Ingrid.

– Eg må ta eit standpunkt, eg treng ikkje å seie det høgt, legg ho til.

Både Olav og Ingrid tykkjer det er greitt med hemmeleg val.

fakta

### Valdeltaking blant førstegongsveljarar

- På 80-talet var det små forskjellar på førstegongsveljarar og alle veljarane ved stortingsval.
- Høgast deltaking blant førstegongsveljarane då var i 1989 med 76,3 prosent. For alle var den på 83,2 prosent.
- 53,3 prosent av førstegongsveljarane deltok t i 2001, for alle var det 75,5 prosent.
- I 2013 var valdeltakinga 66,5 prosent for førstegongsveljarar og 78,2 for alle.
- Det er også lågare valdeltaking blant førstegongsveljarar ved kommuneval.

*Kjelder:*
*Johannes Bergh, 2013*
*Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet*

VAL

– Skal du stemme i stortingsvalet til hausten?

– Kva er viktig for deg når du skal velje parti?



**Marita Valkeinen (30)**
– Ja, det skal eg.
– Gode familieverdiar og kultur er viktig for meg.



**Vilde Jødestøl Haugland (21)**
– Ja, det må eg jo gjere.
– Det er viktig for meg at eg er einig i det partiet står for, og at eg føler at det er eit truverdig parti - som gjer det som det seier at det skal.



**Gunnhild Flatmo (47)**
– Ja.
– Skule, helse og miljø er viktige saker for meg.



**Kim Bjørn Jensen (55)**
– Om eg var norsk statsborgar og kunne stemme, ville eg sjølvsagt stemt.
– Miljøpolitikk, næringsliv og helse meiner eg er viktige saker.



**Mari Nordbø (37)**
– Ja, eg skal stemme.
– Det viktigaste for meg er barn og deira rettigheiter, samt skule, helse og miljø.



**Morten Rask Arnesen (64)**
– Det skal eg definitivt.
– Det viktigaste for meg er fordelingspolitikk. Eg ser på det å redusere forskjellar i samfunnet som viktig.



**Anne Dorthea Hellestad (25)**
– Ja, eg skal stemme.
– I forhold til studiar er studentar og studielån kanskje viktig. Andre ting er innvandring og miljø.



**Hilde Marja (36)**
– Ja, det skal eg.
– Logikk, verkelegheit og menneskeverd er det viktigaste for meg.



**Vibeke Garmann Johnsen (64)**
– Ja, eg skal stemme. SV er mitt parti.
– Likestilling, likskap og utjamning av velstanden i samfunnet er viktig. Og flyktningpolitikk. Eg er både for god integrering og at ein klarer å ta imot flyktningar. Miljø er også viktig.

VAL 2017

## Læraren:

# – Fleire pedagogar

**- Det viktigaste er at ein tenkjer på heile barnet og ikkje bare norsk, matte og engelsk og at ein ikkje prioriterer vekk estetiske fag. Dessutan løyser ein mange problem om klassane ikkje er for store.**

Marta Kjøllesdal
marta@boblad.no - tlf 976 88 692



***Vil vere allmennlærar.*** *Ruth Olaug Tellnes vil vere allmennlærar og ikkje faglærar. Ho vil kunne sjå kva bagasje eleven har med og ikkje berre vere ei som underviser.*

Det seier Ruth Olaug Tellnes, lærar ved Bø skule, når me spør kva ho meiner er viktige politiske saker når ein lærar skal gå til valurna.

– Skulen er ikkje berre teori. Den er så mykje meir. Det er det sosiale for eksempel, seier Tellnes.

### Allmennläraren

– Denne regjeringa er veldig fokusert på teoretiske fag. Den vil at lærarane skal vere faglærar og ikkje allmennlærar. I barneskulen trur eg det er viktig at lærarane har fleire fag slik at elevane blir kjende med lærarane og blir trygge, seier Tellnes.

Ho meiner at med reforma i lærarutdanninga vil det bli fleire faglærarar og færre allmennlærarar. Tellnes trur ikkje det er lærarar med femårig utdanning ein treng.

Dessutan trur ho at det kan bli vanskeleg for kommunane å lønne lærarar med femårig utdanning. Det er vanskeleg nok med fire år. Ho stiller også spørsmål ved korleis ein skal få tid til all etterutdanninga.

Det er ikkje det at Tellnes ikkje er glad for å få tilbod om kurs. Det er ho, men ho trur mange lærarar med lang erfaring har mykje realkompetanse.

### Lite tid til mat

– Matpausen er for kort slik dagen er no, meiner Tellnes.

Ho seier at lærarane prøvar å tilpasse det slik at elevane får tid til å ete ved å ta undervising medan elevane et, for eksempel ved å lese for dei. Tellnes tur at det på sikt går mot heildagsskule. Det vil løyse problem som korte matpausar. Då vil det bli fleire pausar og elevane får meir tid til både mat og leik og vi treng ikkje bruke undervisningstimar til eting.

– Elevane er på skulen det meste av dagen likevel, påpeikar ho.

### Tidleg innsats

– Tidleg innsats er bra og viktig, men det må følgjast opp så lenge det er nødvendig. Det aller viktigaste er at det ikkje er for store klassar. Ikkje fleire enn18 elevar i første klasse er ideelt. Då får ein sett alle og har lettare oversikt over barna, seier Tellnes.

Ho understrekar at ein også må ha spesialpedagogar, men liten klasse i dei to-tre første åra løyser mykje. Då er det lettare å lære elevane både fag og sosialisering.

– Undervisningsminister Torbjørn Røe Isaksen meiner lærarane berre skal undervise. Me er også miljøarbeidarar og må ta oss av snørr, tårer og det sosiale. Den delen vil eg ikkje sleppe. Barnet har med bagasje og den vil eg høyre og sjå, seier Tellnes.

Dette meiner Tellnes politikarane må sjå.

*– Draumeskulen?*

– Der er det to pedagogar i kvar klasse og ikkje så store klassar. Eg vil også ha inn fleire helsesøstrer og miljøarbeidarar og gjerne ein vaktmeister med god tid. Ikt-arbeidarar som alltid er parat for oss lærarar og nettbrett til alle trinna hadde også vore fint, seier Tellnes.

## Innvandraren:

# – Me er ein ressurs

**- Eg vil stemme på parti som ser oss som menneske og som vil bruke oss som ein ressurs i staden for ei belastning.**

Marta Kjøllesdal
marta@boblad.no - tlf 976 88 692



***Vanskeleg å få jobb.*** *Berhane Beyene seier det er vanskeleg for folk frå andre land å få jobb i Noreg. Han meiner politikarane må jobbe med haldningane til arbeidsgjevarane.*

Det seier Berhane Beyene. Han kom til Noreg frå Eritrea som flyktning i 1999. I dag driv han og kona Asiamat i Stasjonsvegen.

– Det partiet eg skal stemme på må ikkje stigmatisere innvandrarar og sjå på dei som ei gruppe og ikkje som enkeltmenneske. I staden må ein tenkje på dei som ein ressurs og ikkje bare tenkje negative ting. Ein føler seg ikkje velkomne om det heile tida blir snakka om det negative, held Beyane fram.

Han opplever at små ting som enkelte innvandrarar er involvert i blir gjort til store ting som gjeld alle.

### Norskopplæring viktig

*– Er det ting som bør endrast for at flyktningar skal kome raskare inn samfunnet?*

– Språk er det viktigaste for integrering. Utan å kunne språket kan ein ikkje kome inn i samfunnet. Ein må satse på norskopplæring og på å lære om norsk kultur. Språk og kultur er nødvendig for å respektere kvarandre, det gjeld begge vegar, meiner Beyene

Han fortel at han gjekk på språkkurs på Ulefoss i 2000. Der var det veldig flinke lærarar og han lærte norsk fort. På eitt år kunne han mykje.

– No ser det ut som om norskopplæringa er annleis. Etter to år med norskopplæring er det ikkje mykje dei kan. Det må gjerast noko slik at ein lærer seg norsk på kort tid. Ein må utvikle seg for å kome vidare, seier Beyene.

Han seier at kanskje må norskgruppa delast, det er ikkje alle som kan like mykje og då bør dei kanskje skiljast. Beyene understrekar at det å lære språket er viktig og det bør ein få hjelp til.

### Arbeidsgjevarar viktig

*– Er det noko politikarane kan gjere for å få flyktningar ut i arbeidslivet?*

– Det er ikkje lett å få jobb når ein kjem frå andre land. Sjølv dei med gode skular og god utdanning slit. Politikarane bør jobbe med haldningane til arbeidsgjevarane, det er ei stor politisk oppgåve, meiner Beyene.

Han peikar på at når det blir snakka nedsetjande om innvandrarar så fører det til at ingen vil tilsetje dei. Når ein snakkar stygt om ei gruppe så skaper det haldningar.

*– Du er sjølvstendig næringsdrivande, er det noko politikarane kan gjere for dykk?*

– Små bedrifter slit, det er ikkje lett å drive. Eg vil gjerne at dei gjer noko som gjer det enklare, seier Beyene.

### Hjartet bestemmer

– Eg stemmer frå hjartet. Eg vil stemme på parti som meiner det dei seier i valkampen. Mange snakkar mykje, men gjer lite når dei styrer. Det er ikkje berre kor flinke dei er til å snakke som tel. Dei må også levere, seier Beyene.

Han legg til at han likar best parti i sentrum. Hans intrykk er at dei i større grad gjer det dei seier.

VAL

– Skal du stemme i stortingsvalet til hausten?

– Kva er viktig for deg når du skal velje parti?



**Torleiv Bergskås (81)**
– Ja, det skal eg gjere.
– Det er viktig at ikkje pensjonen minkar fleire år, men følgjer prisstiginga. Me pensjonistar har mist kjøpekraft i tre år.



**Lucy Marie Odberg (26)**
– Ja, eg har alt førehandsstemt.
– Det er viktig at det ikkje er eit parti som sit i regjering no. Eg er oppteken av samfunnsstrukturen, kultur og skule. Det er viktig at ikkje forskjellane i samfunnet blir større.



**André Nesheim (21)**
– Eg skal stemme.
– At alle kan krevje det same. Eg seier eit heftig nei til meir privatisering. Dessutan vil eg at dei som tener lite skal betale mindre skatt og dei som tener mykje skal betale meir.



**Gina Fossheim (16)**
– Eg er for ung til å stemme.
– Dersom eg kunne stemme ville det vere viktig med flinke og engasjerte politikarar. Rettferdigheit og likestilling er viktig.



**Jørund Verpe (50)**
– Eg har alt stemt.
– Helse og miljø er viktig. Det ser eg gjennom jobben og eg blir påverka av det.



**Jorunn Verpe (49)**
– Eg har stemt alt.
– Helse og miljø er viktig. Dessutan er eg oppteken av distriktspolitikk. Det er viktig at det bur folk i heile landet.



**Gunn Anita Stenstad (49)**
– Eg skal stemme.
– Vilkåra som unge veks opp under er viktig for meg. Det er det også med rammevilkåra for næringslivet.



**Erlend Forberg (36)**
– Eg skal stemme.
– Distriktspolitikk og samferdsle er viktig for meg.



**Inger Haugland (46)**
– Ja, eg skal stemme.
– For meg er helse og skule viktig. For eksempel meiner eg at folk skal sleppe å betale for kreftmedisin som folk i land me kan samanlikne oss med får. Det er forskjell på fattig og rik.

VAL 2017

## Bonden:

# – Me må bruke heile landet



*Treng både store og små.* – *Me må også ta vare på små og mellomstore bruk. Ein vestlandsbonde kan ikkje bruke så store maskiner som me kan her på større og flatare gardar. meiner bonde Hans-Ole Sætra Erikstein.*

**– Eg tenkjer ikkje berre landbruk når eg skal stemme. Distriktspolitikk står òg sentralt. Eg er glad i bygda og vil at det skal bu folk over heile landet.**

Marta Kjøllesdal
marta@boblad.no - tlf 976 88 692

Det seier bonde Hans-Ole Sætra Erikstein. Han meiner at dersom dette skal vere mogleg må det først ein aktiv distriktspolitikk og det må brukast pengar, på same måte som det må brukast pengar på landbruket dersom ein vil ha det.

– Eg er glad for at me har den samfunnsmodellen me har. At ein skattar etter evne og har eit samfunnssystem der pengane er i arbeid. Derfor bør ein ikkje ha formueskatt på arbeidande kapital (for eksempel maskiner som er i produksjon), men kanskje på pengar som står døde på ein konto, seier Sætra Erikstein.

### Sentralisering

– Flytter staten eit sjukehus til byen, kan det vere gode argument for det, men det har ei sideeffekt: arbeidsplassar i distrikta blir lagt ned. Me som bur her må ha arbeidsplassar til partnaren òg, seier Sætra Erikstein.

Han trur heller ikkje nødvendigvis at størst er best. Det blir laga mange arbeidsplassar i byråkratiet. Det er eit problem som han er usikker på om noko parti er i stand til å gjere noko med.

– Den sitjande regjeringa skulle gjere det, men har ikkje klart det. Politikarane måler suksessen i talet på arbeidsplassar, påpeikar Sætra Erikstein.

Han ønskjer heller ikkje auka privatisering av helsevesen og skule.

– Private som driv innan helse har eitt mål og det er å tene pengar. Me treng å få utført tenester, det kostar det det kostar. Eg trur staten organiserer det betre enn private, seier Sætra Erikstein.

Han viser til eiga erfaring innan privatisering av brøyting og vegvedlikehald, som han sjølv har jobba med.

– Det blir færre til å brøyte og fleire til å kontrollere, seier han.

### Landbruk er langsiktig

– Innan landbruket går utviklinga mot færre og større bruk. Det er ei naturleg utvikling som eg ikkje er imot, men den har konsekvensar og det er viktig at ein ikkje går for fort fram. Landbruket er langsiktig og det bør landbrukspolitikken òg vere. Det ein haustar no er sådd for lenge sidan, seier Sætra Erikstein.

Han peikar på at eitt jordbruksoppgjer kanskje ikkje får så store konsekvensar for han som bonde, men når det blir mange jordbruksoppgjer som dreg same veg, så vil dei til saman få effekt.

– Me må også ta vare på små og mellomstore bruk. Ein vestlandsbonde kan ikkje bruke så store maskiner som me kan her på større og flatare gardar. Skal småbøndene kunne leve kan me ikkje gje meir tilskot til dei store som alt hentar store deler av inntekta på pris på varene, seier Sætra Erikstein.

Han peikar på at dette ligg i det å bruke heile landet.

– Det aller billegaste er å importere all maten. Dei som vil ha bønder i heile landet må vere villig til å bruke pengar på det, understrekar han.

### Matvarekjedene

Ein annan ting som opptek ein matprodusent er matvarekjedene og makta dei sit med. Han peikar på at Rema, Norgesgruppen og Coop no også går bakover i verdikjeda og tek kontroll over fleire ledd. Sætra Erikstein seier at kjedene i realiteten har kontroll over bakeria og det harført til prisauke på brød.

Han har ikkje noko politisk løysing på saka, men det forundrar han at regjeringa ikkje ser på matvarekjedar eigd av ein familie som ein større trussel enn samvirke eigd av tusenvis av bønder.

Så er det butikkane sine eigne merkevarer.

– Eg skjønnar at dei vil tilby ulike varegrupper, men butikkmerkevarene er med på å knekkje bøndene sin merkevarer. Det er ei klar strategi som det er vanskeleg å stå imot, seier Sætra Erikstein.

### Klima

– Eg er oppteken av klima, eg lever av naturen, understrekar Sætra Erikstein.

Men han meiner at ein bør ta det verste først. Då trekkjer han fram flyreiser. Fly tur-retur Spania for 7-8.000 kroner for ein familie eller billige reiser til London ei helg for å handle.

– Det er dyrare å ta toget til Gardermoen enn fly til London. I ein slik samanheng blir det feil å snakke om kuprompt, meiner bonden.

Han tykkjer det må vere rett å produsere storfekjøt og sauekjøt på område der ein ikkje kan dyrke korn eller grønsaker.

### Rovdyr

– Det er feil å setje ulv høgare enn folk sin livskvalitet. Eg kan ikkje sjå eitt godt argument for at me skal ha ulv i Noreg. Det er greitt at det var ulv her for 100 år sidan, men no har folk bygd opp eit livsgrunnlag med beitedyr. Dei får ulven «tredd nedover seg» og blir pressa til å slutte med beitedyr og jakt med laushund på vilt dei har vore med på å forvalte, seier Sætra Erikstein.

Han seier at dei andre tre store, rovdyra, bjørn, gaupe og jerv, går det an å leve med med ei aktiv forvalting.

– Men ulven er for brutal. Det er viktig at eit parti står opp for det, seier Sætra Erikstein.

---

VAL

– Skal du stemme i stortingsvalet til hausten?

– Kva er viktig for deg når du skal velje parti?



**Eivind Hegnastykket (45)**
– Ja, det skal eg.
– Skulepolitikk er viktig for meg. Dessutan synest eg det må vere gode velferdsordningar for alle, ikkje bare for rikfolk.



**Vegard Kaasa (37)**
– Ja, eg skal stemme.
– Skulepolitikk er viktig, samt gode velferdsordningar. Eg synest dessutan at det er viktig å oppretthalde eit godt offentleg tilbod i bygdene, så distriktsvenleg politikk betyr mykje for meg.



**Renate Øien (48)**
– Ja, sjølvsagt.
– Oppvekstvilkår, barn og unge er viktige saker for meg.



**Vidar Tjønntveit (41)**
– Ja, det har eg bestandig gjort.
– Eg er opptatt av god distriktspolitikk. Det skal vere liv laga i Noregs distriktsområde også.



**Karen-Sofie Liland (89)**
– Ja, sjølvsagt!
– Eg følgjer ikkje så godt med, men eg har stemt på det same partiet i alle år. Eg stemmer KrF fordi det er eit kristen-parti.



**Halvor Klokkerstuen (74)**
– Ja, stemme må eg.
– Eg er oppteken av at alle har det bra og stemmer derfor på parti som vil ha likskap for alle og eit rettferdig samfunn.



**Lynn Anita Tandberg (40)**
– Ja, eg skal stemme.
– Mange saker er viktig for meg, og eg kjem til å stemme SV. Eg er opptatt av alt som handlar om barn og skule, samt mulegheiter som er sosialistisk retta. Klimasaker er også viktig for meg.



**Are Sæland (58)**
– Ja, det har eg alltid gjort, men eg er ikkje trufast mot noko parti og har stemt veldig ulikt frå val til val.
– EU-saken har alltid vore viktig for meg, samt det å oppretthalde velferdsstaten slik den er i dag. Generell sikkerheit for innbyggjarane i landet blir også viktigare for meg.



**Nora Staurheim (19)**
– Eg skal stemme, ja.
– Saker som er viktige for meg er miljøpolitikk og flyktningsituasjonen. Barn og unges rettigheiter og skulepolitikk er også saker som betyr noko for meg.

VAL 2017

# – 1993-valet på nytt for Senterpartiet

**- Eg kunne berre endra årstal på pressemeldinga frå 1993, det er veldig parallelt. Det seier Sveinung Leikvoll, fylkessekretær for Telemark Senterparti i ein mannsalder.**

*Marta Kjøllesdal*
marta@boblad.no - tlf 976 88 692

– I 1993 var det ei sak: EU. No er det sentralisering. Det er ikkje ei sak, men det er eit emne, seier Leikvoll som har kontorplasss i Bø.

I 1993 fekk partiet Terje Riis-Johansen inn på Stortinget frå Telemark. Han var den første representanten frå Senterpartiet sidan Halvor Bunkholt frå Saude. Bunkholt sat i to periodar, den siste frå 1958 til 1961.

Riis-Johansen reid på "EU-bølgja og partiet fekk 16,1 prosent av stemmene, dermed var det nest størst i Telemark. Ap var størst med 38,7 prosent. Høgre var nummer tre og KrF nummer fire med respektive 10,6 og 10,1 prosent. I ei måling som Infact gjorde for Amedia (publisert i TA og på Poll of polls) i mai i år fekk Senterpartiet 16 prosent og var igjen nest størst. I ei rykande fersk måling utført av same byrået, trykt i TA 4. juli, fekk partiet 16,7 prosent.

– Folk har ein heilt annan inngang til partiet enn for berre eit halvt år sidan. Me har blitt meir relevant, spesielt i byane. Bonde har blitt heiderstittel, kortreist mat og slik er aktuelt, påpeikar Leikvoll.

### Sosiale medium

Leikvoll peikar på at sosiale medium har kome. Det hadde ein ikkje i 1993 og det gjer ein stor forskjell.

– Det nyttar ikkje å kalle inn til pressekonferanse lenger. Ti minutt etter at me har gjort det er saka på nettet, seier Leikvoll.

Han meiner også at dei tradisjonelle valmøta er nesten borte. Dersom dei blir arrangert har kvart parti pusha fram sine mest trufaste tilhengarar. Leikvoll ser ikkje vekk frå at ein kan nå veljarane i Vest-Telemark gjennom Vest-Telemark Blad og i Bø gjennom Bø blad, men NRK meiner han er heilt ute.

– Kven unge er det som høyrer på NRK Telemark, spør Leikvoll.

Bilde meiner Leikvoll har vorte viktig, og han har brukt fotograf for å ha bilde av toppkandidaten.

– Valkampen i 2017 er ikkje som i gode gamle dagar, konstaterer Leikvoll.

### Lærerik tur med Borten

Han starta i jobben i 1982. I 1983 var han på sitt første landsmøte. Då var to av dei store kjempene i Senterpartiet, tidlegare statsminister Per Borten og Jon Leirfall, framleis med. Leikvoll har også hatt æra av å ha Borten med på to turar rundt i Telemark.

– Det er det mest lærerike eg har vore med på, seier Leikvoll.

Han meiner å sjå ein parallell mellom Borten og dagens leiar i Senterpartiet, Trygve Slagsvoll Vedum.

– Dei likar å prate med og ikkje til folk, seier Leikvoll.

Han og Borten kom for seint på møte fordi Borten prata med folk. Men når han kom inn på møtet reiste folk seg og klappa.

Årets valkamp gjev han også ei kjensle av at dette har han opplevd før, då med Anne Enger Lahnstein og EU-kampen.

Leikvoll understrekar at Vedum er veldig viktig for partiet, også i Telemark, men han kan ikkje reise til ein kvar valstand, og då er sosiale medium som Facebook eit alternativ.

– Men det personlege møtet er ikkje forandra.

Han trekkjer også fram eit enkelt språk, noko han meiner Vedum har.

### Nærheit ikkje gammaldags

Han ser Vedum sin språkbruk som ei motsetning til regjeringa som snakkar om nærpolitireform, ei reform som Leikvoll meiner fører til massiv nedlegging

– Folk vil ha det samfunnet ein har. Dei vil ha nærheit, det er ikkje gammaldags. Eg trur me treffer ein streng hjå folk, ein motstraumsbevegelse, seier Leikvoll.

### Stort parti lokalt

Sjølv om Senterpartiet i Telemark ikkje har nokon på tinget denne perioden, peikar Leikvoll på at partiet er stort lokalt. Det har fem i fylkestinget og mange kommunepolitikarar som møter folk, på godt og vondt.

– Stemninga har snudd der det er mykje folk. Me har stor oppslutning også blant ungdom, seier Leikvoll.

– Eg er overraska over kor mange som faktisk først bestemmer seg i vallokalet. Det er ei endring frå tidlegare. For eksempel hadde Arbeiderpartiet mange kjerneveljarar som stemde på det uansett. No skifter veljarane oftare. Dermed er det også meir spennande å drive valkamp. Eg trur suksessfaktoren er å treffe ein strøyming i folk, ikkje berre ei sak.

### Må sjå på trendar

Når det gjeld meiningsmålingar har Leikvoll eit godt råd, også det fekk han av ein kjend senterpartimann, Johan J. Jakobsen.

– Jakobsen noterte opp alle meiningsmålingane i ei notisbok. Han sa at ein må sjå på trendane, ikkje enkeltmålingar, seier Leikvoll.

Han viser til at Senterpartiet hadde 12 prosent i snitt i meiningsmålingane i juni på nettstaden Poll of polls.



**Det personlege møtet.** *Valkampveteran Sveinung Leikvoll seier at sosiale medium har gjort at det å drive valkamp ikkje er som før, men det personlege møtet er like viktig som før.*



TELEMARK SENTERPARTI
P.B. 749, HJELLEN
3700 SKIEN
03-582077, 951660
FYLKESSEKR. MOB: 039-04884

SKIEN, 18.02.93

PRESSEMELDING FRA SENTERPARTIET
SPERREFRIST: 18.02.93 KL.20.00

SENTERPARTIET TIL KAMP MOT KOMMUNESAMMENSLÅING

På et møte i Siljan Sp torsdag sa Senterpartiets 1. kandidat i Telemark ved Stortingsvalget, Terje Riis Johansen, at "velgere som vil opprettholde sin egen kommune, og slå tilbake sentraliseringskreftene i det norske samfunnet må stemme på et parti som går i mot tvangssammenslåing av kommuner".

**Heilt likt.** *Denne pressemeldinga kunne me berre endra årstal på og sendt ut i dag. Det seier Sveinung Leikvoll i Senterpartiet om pressemeldinga frå valkampen 1993.*

– Som i 1993 ligg me godt an over heile landet og kan også få inn ein representant for Oslo, seier Leikvoll.

I 1993 fekk partiet inn den utflytta sauheringen Arne Haukvik i Oslo. Han er kanskje best kjend for jordbærfestar og Bislett Games.

*– Korleis jobbar partiet for å halde på oppslutninga?*

– Eg kan ikkje røpe alt, seier Leikvoll kjapt.

Men han viser til at Arbeiderpartiet i Telemark har tre stortingsrepresentantar som har fri frå Stortinget og kan drive valkamp på heiltid fram til valet.

– Me kan ikkje drive slik. Me har folk som har jobb, men me har blant anna fem profilerte politikarar som jobbar. Me har også to i fylkesutvalet, seier Leikvoll. Han brukar også Terje Riis-Johansen mykje. Han har erfaring frå mange nivå i politikken, frå bystyret i Skien og til statsråd. Leikvoll meiner partiet må vere ute i sommar og halde politikken varm.

### Det som kjem etterpå

Leikvoll viser til at dersom det blir ei regjering samansett av Arbeiderpartiet og Senterpartiet kan det fort bli fem til sju statsrådar frå Senterpartiet, i tillegg kjem mange statssekretærar.

– Dersom det skjer, kjem det til å gå fort. Det er ikkje berre å starte i Oslo om 14 dagar, påpeikar Leikvoll.

Han meiner at dette er noko nokon må ha tenkt igjennom. Leikvoll har, som representantar for andre fylke også har, hatt ein prat med Marit Arnstad, parlamentarisk leiar i partiet.

– Det er ein kabal som skal gå opp. Det er viktig å tenkje igjennom det som kan skje, også for å få posisjonar i Senterpartiet. Frå 1997 og til no har me ikkje hatt reell sjanse til å kome inn. No har me det og folk er svoltne, seier Leikvoll.

VAL

– Skal du stemme i stortingsvalet til hausten?

– Kva er viktig for deg når du skal velje parti?



**Kristin Hovden (32)**
– Ja, sjølvsagt.
– Miljø, naturvern og verdspolitikk. Og omsorg og det å ta vare på menneske.



**Annika Momrak (18)**
– Sjølvsagt skal eg stemme, no er eg endeleg gammal nok.
– Miljø, innvandring og integrering er noko av det som er aller viktigast for meg.



**Bergit Kåsa (79)**
– Ja, det skal eg
– Distriktspolitikk, skule, eldreomsorg og samferdsel er viktig for meg.



**Elin Rinde Torstveit (19)**
– Ja, eg skal stemme.
– Mindre privatisering meiner eg er viktig.



**Emma Due (18)**
– Eg hadde eigentleg ikkje planer om å stemme, nei.
– Utanning er noko eg ville ha prioritert. Det er naturleg i den situasjonen eg sjølv er i.



**Harald Foss (70)**
– Ja, eg skal stemme, ja.
– At distrikta blir tilgodesett og at ikkje alt sakal samlast i byane. Dessutan er det viktig å ta vare på miljøet.



**Anna Grønland Eriksein (46)**
– Ja, eg pleier å stemme.
– Det er mykje. Skule, familie og helse er viktig for meg.



**Veni Mwenda (49)**
– Ja, eg skal stemme.
– Eg synest skule og barn er viktig. Barnas tilbod lokalt er også viktig.



**Ingrid Regina Verpe (19)**
– Ja, men eg skal førehandsstemme.
– At det blir pengar til helse og utdanning synest eg er viktig. Og slagordet Noreg treng bonden er viktig.

VAL 2021


Terje Lien Aasland (Ap)


Mahmoud Farahmand (H)


Bård André Hoksrud (Frp)


Lene Vågslid (Ap)


Åslaug Sem-Jacobsen (Sp)


Oddbjørn Nørstrud (KrF)


Olav Seltveit Urbø (Sp)


Benedikte Nes (MDG)


Knut Henning Duesund (S)


Tobias Drevland Lund (R)


Jørn Langeland (SV)


Carl-Erik Grimstad (V)

# Kjempar om seks plassar

**Telemark har seks representantar på Stortinget. Til hausten er det val, då kan det bli endringar.**

Marta Kjøllesdal
marta@boblad.no - tlf. 9765 88 692

13. september er det stortingsval. Med val av Storting følgjer også val av kven som skal sitje i regjering. Får den sitjande regjeringa fleirtal i Stortinget kan ho halde fram, blir det nye fleirtalskonstellasjonar i Stortinget må regjeringa gå.

### Disse sit der i dag

Dei som sit på Stortinget frå Telemark i dag er Terje Aasland, Arbeiderpartiet (Ap), Solveig Sundbø Abrahamsen, Høyre (H), Bård Hoksrud, Framskrittspartiet (FrP), Lene Vågslid, Arbeiderpartiet (Ap), Åslaug Sem-Jacobsen, Senterpartiet (Sp), og Geir Jørgen Bekkevold, Kristelig Folkeparti (KrF).

Dei er valde inn i den rekkjefølgja. Det vil seie at det er fleire stemmer bak mandatet til Aasland enn til Sundbø Abrahamsen. Utjamningsmandatet denne perioden er det Bekkevold som har.

### Har takka nei

Av dei som sit på Stortinget i dag har Sundbø Abrahamsen og Bekkevold takka nei til å halde fram. På topp på lista til Høyre står Mahmoud Farahmand, Porsgrunn. Krf har Oddbjørn Nørstrud, Notodden. Dei fire andre som er inne står på same plassane i år som i 2017.

SV, MDG og Venstre har nye toppkandidatar. Venstre har fellesliste i Vestfold og Telemark med Carl-Erik Grimstad frå Tjøme på førsteplass. Jørn Langeland står på SV si liste og Benedikte Nes, på MDG si.

### Lokale kandidatar

Åslaug Sem-Jacobsen er frå Notodden. Det same er Oddbjørn Nørstrud.

Notodden har også førstekandidaten på lista til Partiet Sentrum. Det er tidlegare KrF-representant Knut Henning Duesund.

### Utjamningsmandat

Når det er snakk om meiningsmålingar så blir det ofte snakka om kor vidt partia er over sperregrensa eller ikkje.

Fem av mandata til Stortinget er såkalla distriktsmandat. Dei blir valde direkte ut frå stemmetal. Det siste er utjamningsmandat. Det er 19 utjamningsmandat, eit i kvart fylke. Dei skal utlikne skeivheiter etter at distriktsmandata er fordelte. For å kunne få utjamningsmandat må eit parti få minst fire prosent av stemmene på landsplan, det vil seie kome over sperregrensa.

### Historisk fordeling

Går ein tilbake til vala i 2009 og 2013 så hadde Ap tre representantar og Sp ingen. Etter valet i 2005 hadde Frp to. Ved valet i 2001 kom SV inn.

Då Sem-Jacobsen kom inn for Senterpartiet i 2017 var det 20 år sidan partiet sist hadde vore representert.

Venstre i Bø har ei sterk historie på Stortinget, men den siste representanten som har vore der var Hallvard Eika som gjekk ut i 1977 etter to periodar. Sidan den gongen har heller ikkje Venstre i Telemark hatt nokon på tinget.

### Sjansane ved årets val

Skal ein spå ut frå historia er det mest sannsynleg at Ap får to representantar, Frp ein og Høgre ein. Sp i Telemark har ikkje vore representert på tinget to periodar i strekk i nyare tid, men det bles ein sterk vind for partiet på landsplan.

Det er så langt tynt med meiningsmålingar for Telemark. Nettstaden Poll of polls reknar på ulike meiningsmålingar. Den har tal for ei måling i Telemark i februar. Den er utført av Respons Analyse for Høyre og 800 er spurt. I den målinga får Ap 25,4 prosent, Sp 23,3 og H får 20,5. Frp er nede på 8,3 og SV får 6,4.

Ut frå det reknar nettstaden ut at Ap får to, Sp får to og H ein. Den siste avheng av korleis partia gjer det på landsplan.

KrF får 4,2 prosent, men her kan Partiet Sentrum kome til å spele ei rolle, det er mange tidlegare KrF-politikarar som har gått over, inkluder tidlegare varaordførar i Bø, Dag Sele, som no har flytta til Vestland.

Rødt får 3,9, MDG 3,4 og V får 2 prosent.

## Desse partia stiller til val i Telemark ved stortingsvalet 2021

**Høgre**
1 Mahmoud Farahmand 1979
2 Emilie Clarice Schäffer 1969
3 Veslemøy Wåle 1990
4 Karoline Aarvold 1995
5 Lars Inge Rønholt 1970
6 Fredrik Halsen 1997
7 Steinar Bergsland 1968
8 Helene Røsholt 1987
9 Hilde Petrikke Østlie 1972
10 Lene Nordhus 1989
11 Edvard Mæland 1957
12 Petter Ellefsen 1957

**Venstre**
1 Carl-Erik Grimstad 1952 Tjøme
2 Ingrid Åmlid 1998 Stathelle
3 Suzy C. S. Haugan 1978 Tønsberg
4 Torgeir Fossli 1961 Notodden
5 Camilla Bilstad Johannessen 1985 Sandefjord
6 Lars Martin Borlaug 1982 Skien
7 Henning Nilssen 1974 Holmestrand
8 Tone Lind Jørgensen 1954 Tønsberg
9 Ole Gustav Søvde 1951 Skien
10 Terry Bob Gabo 1964 Steinsholt
11 Vibeke Rolfsen 1970 Kragerø
12 Steinar Sæland 1959 Gvarv

**Arbeiderpartiet**
1 Terje Lien Aasland 1965 Skien
2 Lene Vågslid 1986 Tokke
3 Jone Blikra 1962 Kragerø
4 Tone E. Berge Hansen 1968 Porsgrunn
5 Bengt Halvard Odden 1977 Hjartdal
6 Elisabeth Holien 1996 Bamble
7 Fredrik Tiochta Sørlie 1999 Porsgrunn
8 Kathrine Kvåle Haatvedt 1985 Tinn
9 Nikolai Sti Ravlum 2000 Skien
10 Hedda Foss Five 1976 Skien
11 Trond Jarle Roalstad 1982 Drangedal
12 Gry Fuglestveit 1968 Notodden

**Senterpartiet**
1 Åslaug Sem-Jacobsen 1971 Notodden
2 Olav Seltveit Urbø 1965 Tokke
3 Trond Ballestad 1962 Skien
4 Anna Henriette Straume 2001 Drangedal
5 Karsten Tønnevold Fiane 1985 Bamble
6 Siri Blichfeldt Dyrland 1974 Midt-Telemark
7 Bjørn Sverre Sæberg Birkeland 1964 Tinn
8 Anne Kristine Grøtting 1963 Porsgrunn
9 Jon Rikard Kleven 1972 Vinje
10 Beate Marie Dahl Eide 1981 Seljord
11 Grunde Wegar Knudsen 1970 Kragerø
12 Terje Riis-Johansen 1968 Skien

**Fremskrittspartiet**
1 Bård André Hoksrud 1973
2 Carina Thorvaldsen 1995
3 Thorleif Fluer Vikre 1966
4 Jørn Inge Næss 1967
5 Gjermund Ingolfsland 1967
6 Magnus Vigdeil Halvorsen 1995
7 Tor Håkon Kaasa 1990
8 Kim Kise 1954
9 Esther Hildegun Buer 1963
10 Geir Elsebutangen 1964
11 Karianne Hansen 1966

**SV - Sosialistisk Venstreparti**
1 Jørn Langeland 1974 Tinn
2 Vilde Athena Berg-Nilsen 1999 Porsgrunn
3 Nils Johan Svalastog Garnes 1981 Vinje
4 Anne Kjendsheim 1972 Drangedal
5 Jan Egil Weiseth 1977 Notodden
6 Linn M. Schistad Camara 1969 Porsgrunn
7 Haifaa Al-Egly 1973 Skien
8 Håvard Arctander Rosenlund 1992 Skien
9 Hasse Samahle 1976 Vinje
10 Bente Fjellheim 1955 Kragerø
11 Jan-Petter Gurholt 1971 Siljan
12 Vigdis Olafsen 1952 Midt-Telemark

**Kristelig Folkeparti**
1 Oddbjørn Nørstrud 1999
2 Maren Lithell Skilbred 1977
3 Geir Christian Enger 1970
4 Anna Erika Myrvold 1981
5 Bjørnar Kalbach Christensen 1971
6 Linda Kjærnes Larsen 1989
7 Lars Rise 1955
8 Anne Oddny Foldøy 1951
9 Tormod Helås 1972
10 Annbjørg Ellefskås 1959
11 Magnar Kleiven 1951
12 Marianne Nørstrud 1991

**Miljøpartiet Dei Grøne**
1 Solveig Benedikte Nes 1977
2 Trygve Lyshagen Tømmerås 1997
3 Mona Nicolaysen 1971
4 Jan Erik Marius Schulze 1983
5 Halvard Oland Håvardsrud 2001
6 Mariken Kjøhl-Røsand 1983
7 Bernt Inge Møller 1959
8 Kjersti Eilertsen Myro 1989
9 Espen Lydersen 1957
10 Lisa Veronica Heitun Mikkelsen 1978
11 Ingebjørg Ørnulfsdatter Nordbø 1955
12 Peter Fjågesund 1959

**Piratpartiet**
1 Svein Mork Dahl 1974
2 Linda Beate Tørklep 1967
3 Olav Johannes Handeland 1979
4 William Thanoothong Svendsen 2000
5 Filip Durkan Aasheim 1990
6 Kari Toreskaas 1990
7 Targeir Attestog 1989
8 Asbjørn Ølnes 1939
9 Karl Fredrik Pedersen 1984
10 Thomas Gramstad 1961

**Partiet Sentrum**
1 Knut Henning Duesund 1950 Notodden
2 Georg Olavi Pøyhønen 1972 Skien
3 Lina Skippervold-Hansen 1979 Nome
4 Andre Thomassen Haugen 1997 Midt-Telemark
5 Grethe-Marie Trovi Duesund 1953 Notodden
6 Ingrid Kasin 1949 Notodden
7 Benjamin Selstø 2001 Sandefjord
8 Julie Staff-Iversen Eikeland 2000 Bergen
9 Muntassir Elsayed 1962 Sandefjord
10 Stina M. Aanderaa Neergård 1973 Tønsberg
11 Terje Nordkvelle 1971 Sandefjord
12 Anne-Britt Forbord 1953 Larvik

**Demokratene**
1 Tove Merethe Johansen 1969 Sandefjord
2 Henning Yven 1961 Porsgrunn
3 Kent Ø. Andersen 1962 Oslo
4 Arvid Lenes 1963 Drangedal
5 Frank Erik Kohl 1944 Porsgrunn
6 Svein Roger Eriksen 1959 Drangedal
7 Jostein Krogsgård Meen 1974 Porsgrunn
8 Haakon Johnsen 1964 Treungen
9 Torgny Lars Bakken 1967 Skien
10 Dag Henning Vaa 1975 Vinje
11 Wenche Antonsen 1967 Sandefjord
12 Petter Tuvnes 1952 Skien

**Liberalistene**
1 Kjetil Ravn Hansen 1977
2 Victoria Sveinsson 1999
3 Trond Johansen 1969
4 Natalya Engelsrud Fritzen 1990
5 Jonas Baewert 1988
6 Trond Sørensen 1977
7 Morten Sundheim Jensen 1978
8 Espen Thunold 1971
9 Benjamin Bringsås 1996
10 Ole Trygsland Hoelseth 1966
11 Ronny Skjæveland 1979
12 Per Sandberg 1960

**Rødt**
1 Tobias Drevland Lund 1996 Kragerø
2 Charlotte Therkelsen 1981 Kragerø
3 Cecilie Ingebjørg Lerstang 1980 Notodden
4 Pål Berby 1974 Porsgrunn
5 Mona Osman 1986 Skien
6 Fillip Rønning Jakobsen 1999 Skien
7 Ana Isabel Taylor Lopez 1953 Bamble
8 Brynhild Hardang Hanto 1985 Nome
9 Elisabeth Swensen 1951 Seljord
10 Ole Roger Dyrkorn 1952 Bamble
11 Rune Mathisen 1968 Skien
12 Morten Halvorsen 1954 Notodden

**Pensjonistpartiet**
1 John Bruseth 1959 Bærum
2 Knut Johansen 1964 Sandefjord
3 Gunn Marit Lindmoen 1959 Våler
4 Henning Mørk 1954 Asker
5 Karin Kjempe Bratteng 1943 Gvarv
6 Steve Vincent Jensen-Lyså 1959 Tønsberg
7 Kurt Johnny Hæggernæs 1952 Askøy
8 Ingrid Reistad Jensen 1979 Porsgrunn
9 Arne Steinar Melhus 1944 Gvarv
10 Knut Amundsen 1952 Askøy
11 Liv Remman 1954 Averøy
12 Harald Aas 1937 Tønsberg

**Folkeaksjonen Nei til mer bompenger**
1 Tommy Ballestad 1983 Skien
2 Johan Morten Nome 1961 Tønsberg
3 Cecilie Lyngby 1970 Oslo
4 Jarle Rønjom 1968 Skien
5 Hanne Haskel 1962 Oslo
6 Arne Helge Jakobsen 1953 Skien
7 Tor Knutsen 1956 Drammen
8 Jeanett Lyngmyr Kvernvik 1985 Porsgrunn
9 Jairo Tobon 1949 Skien
10 Otto Waale 1966 Sarpsborg
11 Britt Fossum 1956 Oslo
12 Bjørn Revil 1967 Oslo

**Industri- og Næringspartiet**
1 Owe Ingemann Waltherzøe 1963
2 Bjarte Helland 1971
3 Børge Nordås 1960
4 Tommy Hans Andersen 1966
5 Gunnar West Sørlie 1950
6 Merethe Karlsen Waltherzøe 1972
7 Marianne Tangen 1963
8 Henning Karlsen 1951
9 Rosita Solli 1971
10 Hans Fjære Øvrum 1961

**Helsepartiet**
1 Dag Kremer 1940 Kragerø
2 Kyrre Dahl 1970 Rjukan
3 Lizbeth Nielsen 1951 Porsgrunn
4 Kristine Marielle Thorstensen 1984 Porsgrunn
5 Trine Johanne Dahlman 1975 Rjukan
6 Anette Moen 1978 Skien
7 Erik Hexeberg 1957 Tønsberg
8 Lise Askvik 1969 Leirsund
9 Sofie Hexeberg 1960 Tønsberg
10 Ellen Myrland 1965 Larvik
11 Inger Rødsandtrø 1959 Sandefjord
12 Truls Isaksen 1967 Tønsberg

**Alliansen - Alternativ for Norge**
1 Kjartan Mogen 1964 Tinn
2 Arne Sigurd Mannsåker 1961 Skien
3 Morten Vala 1969 Skien
4 Teddy Valentin Ellegård 1975 Skien
5 Glenn Ager-Wick 1958 Arendal
6 Johan Slåttavik 1985 Trondheim
7 Sven-Inge Johansen 1953 Skien
8 Asbjørn Massnes 1950 Høyanger
9 Dag Roar Fridtun 1973 Askvoll
10 Kaspar Johan Birkeland 1951 Ålesund
11 Mauricio Evensen 1984 Bamble
12 Ronny Rønning 1968 Trondheim

**Partiet De Kristne**
1 Maren Anne Krüger 1985 Sandefjord
2 Benjamin Karlsen 1979 Notodden
3 Morten Freberg 1954 Tønsberg
4 Vigdis Gran 1965 Larvik
5 Torkjell Fosli 1959 Nome
6 Håvar Fjære 1951 Sandefjord
7 Hannah Lovise Haugen 1999 Tønsberg
8 Nils Bjørnar Gundersen 1951 Skien
9 Øystein Thorstensen 1950 Porsgrunn
10 Eunice G. Gibson 1980 Tønsberg
11 Arthur Wilhelm Haugen 1996 Tønsberg
12 Martin Gundersen 1984 Skien

(Lista inneheld kandidatnummer, namn, fødselsnummer, og for nokre lister også bustad)
Lista til Kystpartiet vart ikkje godkjend.

Kjelde: Vestfold og Telemark fylkeskommune

VAL

– Skal du stemme i stortingsvalet til hausten?

– Kva er viktig for deg når du skal velje parti?


**Hilde Skeisvoll Grivi**
– Ja.
– Eg er mest oppteken av skulepolitikk. Det omfattar forhold for barn og unge. Verdispørsmål er også viktige for meg.


**Laila Jørgedal**
– Eg må stemme.
– Eg er oppteken av barn og unge og eldrepolitikk. Eg er oppteken av at skulen får pengar. Kultur er eg også oppteken av.


**Espen Gravjord**
– Eg skal stemme.
– Eg vil at utviklinga i Bø skal gå framover. Rammene for lokal utvikling er viktige for meg, elles føl eg ikkje så mykje med.


**Natalia Matarewicz**
– Ja.
– Eg ser etter parti som har same samfunnssyn som meg. Eldreomsorg, pensjon og bustad, ein verdig alderdom er viktig. Det er også vitig at ein hjelper dei som har dårleg økonomi.


**Marene Kristiansen**
– Sjølvsagt.
– Ein må kunne stole på folk. Eg er skuffa over Erna (Solberg r.m.) og det som skjedde med for mange gjester på besøk. Bompengane må bort, elles har eg det bra.


**Øystein Sele**
– Ja.
– Det som har skjedd med aktivitetar, spesielt uteaktivitetar, i samband med koronatiltaka opptek meg. Korleis ein ser på det er viktig.


**Calvin Berntsen**
– Eg trur ikkje det.
– Eg er følgjer ikkje så mykje med på politikk.


**Patrick Gulmælæ**
– Det blir nok til det.
– Kva som gir best resultat for landet økonomisk er viktig, då tenkjer eg på privatpersonar. Ein merkar det spesielt no. Me har ei statskasse for ein grunn, det er viktig å halde folk borte frå gata.


**Liv Kristin Løvoll**
– Ja.
– Det er eit verdival for meg, meir enn kva som tener meg personleg. Velferdsstaten, kultur og miljø er viktige saker.

VAL 2017

# Kandidatane

**Bø blad har sett på dei siste meiningsmålingane publisert blant anna på Poll og polls si nettsida og trekt ut dei ti kandidatane som har størst sjanse til å kome på Stortinget for Telemark. Me har bede dei fortelje kva som er dei tre viktigaste sakene for dei som òg har betyding for Bø og Sauherad.**

- Fem representantar blir valde direkte inn på Stortinget frå Telemark. Ein via utjamningsmandat. I dag har Arbeiderpartiet (Ap) tre representantar, Fremskrittspartiet (FrP), Høgre (H) og Kristeleg Folkeparti (KrF) ein kvar. KrF har utjamningsmandatet. På enkelte meiningsmålingar har det også lege an til at Sp kan ta sistemandatet til Ap.
- For å få utjamningsmandat må partiet kome over fire prosent oppslutning på landsplan. Utifrå meiningsmålingar me har sett på har MDG og V svinga rundt fire prosent som er grensa. MDG var over i juli og august, V over i februar og så igjen no i september.



**Åslaug Sem-Jacobsen,** 1. kandidat Senterpartiet (Sp):

1. Nei til tvangssamanslåing er den viktigaste saka. Det gjeld både av kommunar og fylke. Telemark må ikkje bli slått saman med Vestfold med tvang. Det vil føre til at meir makt, fleire arbeidsplassar, kompetanse og ressursar innanfor politi, fylkesadministrasjon, domstol, sjukehus, høgskule med meir blir sentralisert vekk frå Telemark. Det vil også bli vanskelegare å kjempe for betre vegnett og behalde skular og liner nordvest for Grenland.

2. At Bø blir styrkt både innan reiseliv, landbruk og anna næringsliv ved at ein får ei regjering som både aukar støtte og insentiv til distriktskommunar som Bø og ikkje kuttar slik som no.

3. Sikre Høgskulen i Søraust-Noreg si avdeling i Bø ved at det held fram med å vere fokus på desentralisert struktur. Det er også viktig å jobbe for fleire togavgangar mellom Oslo og Bø.

*Foto: Telemark Senterparti*



**Geir Jørgen Bekkevold,** 1. kandidat Kristeleg Folkeparti (KrF):

1. Bø og Sauherad er i gang med å lage ein ny kommune saman. Det er både spennande og heilt sikkert krevjande. Det er vesentleg at Stortinget sikrar stabile og gode økonomiske rammer og står ved dei løfta som er gitt.

2. Arbeidet med å flytte ut statlege arbeidsplassar må halde fram. Dette er viktig distriktspolitikk og den nye kommunen ligg lagleg til for slike etableringar. Den lokale verdiskapinga og kreativiteten er aller viktigast, men fleire statlege arbeidsplassar til distrikta er ei viktige vitamininnsprøyting og god bruk av kompetanse og klokskap også utanfor hovudstaden.

3. Lokalsamfunn som er bra for barna er bra for alle. Lærarløftet i skulen og styrkt innsats for å sjå barn som har utfordringar tidleg er god KrF-politikk. Alle fattige barn fortener å bli sett og følgd opp. Familiane spelar hovudrolla i dette, men barnehage, skule og offentleg støtteapparat er har også viktige roller for å sikre ein god oppvekst.

*Foto: Stortinget*



**Terje Lien Aasland.** 1. kandidat Arbeiderpartiet (Ap):

1. Me vil føre ein politikk som sikrar at det blir skapt fleire arbeidsplassar i heile Telemark. Telemark vil då ha bruk for at dei regionale utviklingsmidlane blir styrka, ei regjering som er villig til å etablere statlege arbeidsplassar utanfor Oslo og ei regjering som tek eit krafttak for å hindre den kraftfulle auken i talet på unge som er uføre i Telemark no. Me treng òg ei langt sterkare satsing på kultur. Arbeiderpartiet vil derfor bruke ein prosent av statsbudsjettet til kultur. Det vil kunne gi viktige kulturarbeidsplassar rundt om i fylket.

2. Å styrkje kommuneøkonomien vil vere viktig for Bø og den nye kommunen når den er etablert. Ap vil derfor legge til rette for ei sterkare satsing på kommunen for å styrkje eldreomsorga. Me vil også innføre tillitsreform slik at tilsette i helse- og omsorgssektoren skal kunne rapportere mindre enn i dag og få meir tid til å vere saman med dei eldre. I skulen vil me tilsette 1.000 nye lærarar innan 2018 og 3.000 innan 2021.

3. Ap vil ikkje gjennomføre ei tvangssamanslåing av Telemark og Vestfold. Me vil stoppe denne prosessen dersom me kjem i regjering etter valet. Det er uheldig for Bø og Sauherad dersom tyngdepunktet i ein slik region blir i Tønsberg.

*Foto: Stortinget*



**Bård Hoksrud,** 1. kandidat Fremskrittspartiet (FrP):

Som stortingskandidat for Frp er eg oppteken av å vere ein ombodsmann for innbyggjarane i Telemark og FrPs lokallag i fylket. Derfor har eg også vore i kontakt med kollegane mine i Bø FrP for å få innspel. Dei tre viktigaste saken mine er:

1. Gang- og sykkelveg mellom Gvarv og Bø. Det vil eg jobbe for å få realisert så raskt som mogleg. Prosjekteringa er i gang. Eg vil jobbe for å få pengar til bygginga òg.

2. I komande periode vil eg halde fram med å jobbe for at satsinga på Høgskulen i Søraust-Noreg i Bø held fram. I tillegg vil eg jobbe for at høgskulen kan posisjonere seg og få universitetsstatus.

3. Eg vil arbeide vidare for at Bø/Midt-Telemark får enda fleire statlege arbeidsplassar. Eg meiner kommunen har posisjonert seg godt, blant anna fordi ein har gode fagmiljø og muligheiter ved for eksempel høgskule og Telemarksforsking. Der har ein miljø som vil passe godt til statlege arbeidsplassar.
Dersom eg blir gjenvalt vil eg vere ein døropnar både for privatpersonar, næringsliv og det offentlege i Midt-Telemark og resten av fylket. Det skal vere enkelt å kome i kontakt med dei som gjer vedtak i Stortinget.

*Foto: Stortinget*



**Lene Vågslid,** 2. kandidat Arbeiderpartiet, (Ap):

1. Arbeiderpartiet vil føre ein politikk for at det blir skapt fleire arbeidsplassar, også i distrikta. Då treng me styrka regionale utviklingsmidlar, ei regjering som er villig til å etablere statlege arbeidsplassar utanfor Oslo (og Vestfold), og ei regjering som tar eit krafttak for unge uføre som aukar i tal i Telemark. Me treng også kraftigare satsing på kultur. Me vil bruke ein prosent av statsbudsjettet på kultur. Dette vil også kunne skape fleire kulturarbeidsplassar.

2. Ein styrka kommuneøkonomi vil vere viktig for Bø og den nye kommunen saman med Sauherad. Det trengst ei kraftigare satsing på kommunen for å styrke eldreomsorga. Me vil innføre ein tillitsreform som gjer at tilsette i helse og omsorgssektoren skal kunne rapportere mindre enn i dag og få betre tid til dei eldre. I skulen vil me nasjonalt tilsetje 1.000 nye lærarar innan 2018 og totalt 3.000 innan 2021.

3. Eg seier nei til tvangssamanslåing av Telemark og Vestfold, og vil innvilge skilsmisse for desse dersom me kjem i regjering etter valet. Det er uheldig for Bø og Saurherad dersom tyngdepunktet i ein slik region blir i Tønsberg.

*Foto: Stortinget*



**Solveig Sundbø Abrahamsen,** 1. kandidat Høgre (H):

Lokalpolitikarane i dei to kommunane veit best kva dei meiner er dei viktige sakene og det er viktig for meg å halde god kontakt med politikarar i Bø og Sauherad.

1. Utviklinga av Høgskulen i Søraust-Norge frå høgskule til universitet blir ei viktig sak. Her tenkjer eg det blir viktig at Bø som studiestad får gode utviklingsmoglegheiter.

2. Ei viktig sak er samferdselssatsinga som ligg i nasjonal transportplan for veg og jernbane. Sørlandsbanen er viktig for regionen, og tiltak som kan utvikle gods- og persontransport er ei viktig sak å arbeide med. Å styrke satsinga på fylkesvegane er viktig for utvikling av distriktet.

3. Sauherad har eit sterk omdømme og merkenamn knytt til fruktdyrking. Utvikling av kommunen som fruktbygd, og det å skape gode rammevilkår for utvikling av området med dei fremste fruktprodusentane i landet er ei viktig sak. Den bør sjåast i samanheng med reiseliv og turisme. Det skjer mykje positivt rundt dette allereie, men eg tenker at det er eit større potensial for utvikling her.
Til slutt: Det er viktig ar regjeringa får fortsete å leggje til rette for at det blir skapt fleire jobbar i privat sektor i heile landet. Det er eit overordna prioritert område. Då må me skape meir, ikkje skatte meir.

*Foto: Stortinget*



**Christian Tynning Bjørnø,** 3. kandidat Arbeiderpartiet (Ap):

1. Det aller viktigaste er at det blir skapt fleire jobbar for å sikre vekstkrafta i heile Telemark. Me treng gode ordningar som bidreg til næringsutvikling i heile fylket. Då trengst det fleire regionale utviklingsmiddel, ikkje færre. Telemark er på botnen i talet på statlege arbeidsplassar og det må derfor etablerast fleire statlege arbeidsplassar utanfor Oslo. Satsing på veg og tog er også viktig for at folk skal kunne bu og jobbe i heile fylket.

2. Me er imot at Telemark skal bli slått saman med Vestfold med tvang. Me vil også at fylkesmannsembeta skal følgje fylkesgrensene. Det handlar om å ha tenester nær for heile Telemark og det handlar om å ta vare å viktig kompetansearbeidsplassar. Det har noko å seie for Bø kvar tyngdepunktet i den nye regionen ligg.

3. I ei tid der mange står utan jobb er det viktig å sørgje for eit godt utdanningstilbod. Særleg viktig er det å sørgje for at unge i Midt-Telemark får tilbod om utdanning og aktivitet. Ap meiner det hastar med å få på plass ei bemanningsnorm i barneskulen. Me vil ha 3.000 fleire lærarar i skulen og me vil ha ei skikkeleg satsing på yrkesfag. For mange elevar i Telemark står utan lærlingplass. Der er alvorleg at elevar må setje utdanninga på vent fordi dei ikkje får lærlingplass. Me må sørgje for at alle kvalifiserte elevar får lærlingplass. Dette er viktig for å sikre kompetansen i framtidas arbeidsliv. Aldri før har så mange fått avslag på søknaden om studieplass i Telemark. Derfor må det òg etablerast langt fleire studieplassar ved høgskulane. Det er viktig for vår høgskule og for avdelinga i Bø.

*Foto: Stortinget*



**Ådne Naper,** 1. kandidat Sosialistisk Venstreparti (SV):

1. Kampen mot fattigdom er den viktigaste saka for SV i Bø og Sauherad. Bø og Sauherad går inn i ei spennande tid. Sjølv om bygdene blir fine, er det mange som møter ein vanskeleg kvardag. Eg tenkjer på dei 181 barna i Bø og dei 125 barna i Sauherad som veks opp i familiar med låg inntekt. Dei utgjer faktisk 16 prosent av alle barna i Bø og Sauherad. Me kan ikkje leve med at kvart sjette barn i Midt-Telemark kjenner på fattigdom i oppveksten. For all del, me kan leve gode liv utan mykje pengar. Men dette handlar om å kunne sjå barna møte opp på skulen og i barnehagen og kjenne seg stolt og til stades.
Det handlar om å vite at barna våre har det godt, føler seg trygge og ikkje utanfor. Det handlar om at me som foreldre skal kunne sove litt betre om natta og uroe oss litt mindre. For me ønskjer sjølvsagt også å strekke til for ungane våre.

2. SV vil auke barnetrygda. Barnetrygda har ikkje halde følgje med prisane på over tjue år. Ei justering opp til dagens prisnivå vil ha stor betyding for mange familiar. Det betyr nokre hundrelappar i månaden til alle barn som veks opp. Det kan gjer forskjellen på ei bursdagsfeiring eller sjansen til å vere med på fotballen. Alle må bli sett.

3. SV går inn for fleire lærarar i skulen og færre elevar per lærar, nettopp fordi det er så viktig å bli sett. Det er stor forskjell på å måtte dele læraren med 29 andre barn eller med 14 andre barn. Det bør ikkje vere forskjell på oppvekstvilkår, skulen skal vere like god for alle, uansett kvar ein bur.

*Foto: Privat*



**Mona Nicolaysen,** 1. kandidat Miljøpartiet De Grønne (MDG)

1. Me vil stimulere til ytterlegare verdiskaping i landbruket, spesielt innan frukt- og bærproduksjon. Me vil jobbe aktivt med å knyte fagmiljøa ved Høgskulen i Søraust-Noreg (HSN), spesielt ved avdelinga i Bø, tettare opp mot næringa. Det er ein vinn-vinn-situasjon.

2. MDG vil arbeide med å forlenge togtilbodet frå Oslo til Kongsberg vidare til Bø. Det vil seie Oslo-Bø og Bø-Oslo.

3. Me vil få ferdig gang- og sykkelvegen mellom Bø og Gvarv innan 1. januar 2020, det vil seie dagen då dei to kommunane blir slått saman. Det må også satsast på gang- og sykkelvegar på andre vegstrekningar i dei to kommunane.

*Foto: Monica Løvdahl*



**Eli Taugbøl,** 1. kandidat Venstre (V):

1. Infrastruktur: Timesavgangar på strekninga Bø-Oslo ved at togavgangane frå Kongsberg – Lillehammer skal gå frå Bø.

2. Finansiering av gang-og sykkelvegar. Spesielt mellom Bø og Gvarv, men også i Bø.

3. Stadutvikling av Hørte, Gvarv og Akkerhaugen. Økonomisk støtte til Bygdepakke Bø og Sauherad.

*Foto: Marta Kjøllesdal*

VAL

– Skal du stemme i stortingsvalet til hausten?

– Kva er viktig for deg når du skal velje parti?



**Heidi Solhoff (61)**
– Ja, men eg slit med å finne verdiane mine i dei store partia. Eg har tidlegare stemt SV i mange å.
– Miljøsaker er viktig, og eg heller nok litt mot MDG igjen. Eg vil gje dei ein sjanse til å markere seg og bli litt større og sterkare.



**Thomas Cockburn (29)**
– Eg er ikkje er norsk statsborgar. Eg kjem frå Manchester og har budd her med mi norske kone i berre 16 månader.
– Ei viktig sak for meg er miljøpolitikk, men eg trur ikkje eg kunne stemt MDG ettersom dei er litt for kapitalistiske. Eg er nemleg kommunist.



**Ingrid Kvissel (59)**
– Ja, eg har allereie stemt.
– Eg tenkjer at viktige saker for meg er miljø, fordeling og flyktningpolitikk.



**Sigrid Bjerke (57)**
– Ja, eg skal stemme.
– Det er mange saker som engasjerer meg, men klima og miljø, samt rettferdig fordeling er kanskje dei viktigaste.



**Heidi Kvale (37)**
– Ja, eg har stemt på førehand.
– Klimasaken har blitt viktig for meg i år. Eg har derfor tatt eit miljø- og verdival.



**Øystein Aarak (36)**
– Ja, eg skal stemme.
– Distriktspolitikk er viktig for meg. Me må ha meir busetting og fleire jobbar ute i distriktsnoreg. Utdanningspolitikk er også ei sak som eg er oppteken av.

VAL 2017



**Jobbar for førstekandidaten.** *Kandidatane frå Bø og Sauherad står på lister til stortingsvalet for å hjelpe førstekandidaten. F.v. Ingebjørg Nordbø, Per Atle Einan, Espen Lydersen, Ronald Bruinvis, Aslaug Norendal og Olav Kasland*

fakta

### Resultat for stortingsvalet 2013 i Telemark:

| Liste | Opptalde stemmer | Prosentvis fordeling | Stortings-representantar |
|---|---|---|---|
| Arbeiderpartiet (Ap) | 35.963 | 36,7 | 3 |
| Sosialistisk Venstreparti (SV) | 3.192 | 3,3 | 0 |
| Rødt (R) | 884 | 0,9 | 0 |
| Senterpartiet (Sp) | 4.360 | 4,5 | 0 |
| Kristeleg Folkeparti (KrF) | 6.610 | 6,8 | 1 |
| Venstre (V) | 3.393 | 3,5 | 0 |
| Høgre (H) | 21.300 | 21,8 | 1 |
| Fremskrittspartiet (Frp) | 18.564 | 19,0 | 1 |
| Miljøpartiet De Grønne (MDG) | 2.116 | 2,2 | 0 |
| Demokratene i Norge | 56 | 0,1 | 0 |
| De kristne | 1.017 | 1,0 | 0 |
| Kristent samlingsparti | 116 | 0,1 | 0 |
| Kystpartiet | 68 | 0,1 | 0 |
| Piratpartiet | 239 | 0,2 | 0 |
| Andre | 0 | 0,0 | 0 |
| Total | 97.878 | 76,6 | 6 |

Arbeiderpartiet hadde kandidat nr. 1, 4, 5. Partiet hadde i snitt 12.000 veljarar bak kvart mandat. Høgre fekk mandat nr. 2 og hadde vel 21.000 røyster bak det. Frp tok mandat nr. 3 og hadde 18.564 stemmer bak det. KrF hadde mandat nr. 6, utjamningsmandatet, og hadde til samanlikning 6.610 stemmer bak representanten sin.

*Kjelde: regjering.no og stortinget.no*

# – Me vil støtte demokratiet

**Andrekandidaten på Venstre si stortingsliste, Olav Kasland, tek fram dei høgtidlege orda når han skal grunngje kvifor han er kandidat til Stortinget utan altfor stort håp om å kome inn.**

*Marta Kjøllesdal*
marta@boblad.no - tlf 976 88 692

Listefyll blir dei ofte kalla. Det er ikkje akkurat ein heiderstittel, men representantar utan sjanse til ein plass på Stortinget må til for at eit parti skal kunne stille liste. Ifølgje vallova skal det vere så mange kandidatar på lista som det er representantar frå fylket. I tillegg kan ein føre opp seks kandidatar til. For Telemark vil det seie minst seks kandidatar på lista. Liberalistene har sju, elles har dei andre partia ti til tolv kandidatar.

**Utjamningsmandatet**

Som det går fram av tabellen var det KrF som hadde utjamningsmandatet ved siste stortingsval. Det største partiet som ikkje kom inn sist var Sp og partiet har gjort det godt på meiningsmålingane i det siste. Neste i rekkja ved siste val var Venstre.

For å få utjamningsmandat må eit parti over sperregrensa på fire prosent på landsbasis. Ordninga med utjamningsmandat er til for å bøte på at enkelte parti kan bli underrepresentert. Utrekningsmetoden gjer at det spesielt er dei små som blir underrepresentert (kjelde: stortinget.no). Partia får utjamningsmandat i fylka der dei er nærast ved å vinne eit mandat. I fylka finst det inga sperregrense.

**Ein førstekandidat**

På lista til Liberalistane har ein bøhering førsteplassen. Sidan partiet ikkje stilte til val sist er det vanskeleg å spå, men det skal nok litt til å få inn ein representant. Venstre har ikkje gjort det så bra på meiningsmålingane i det siste, men blir det eit venstreskred og Eli Taugbøl blir valt inn er Olav Kasland første vara.

Elles har MDG gått forbi Venstre i ei meiningsmåling som Telemarksavisa presenterte i mai. Espen Lydersen, andrekandidaten på den lista, er frå Sauherad og kan ved eit god val håpe på ein varaplass.

**Vil støtte førstekandidaten**

*– Kvifor stiller de til val med relativt liten sjanse til å kome inn på Stortinget?*

– Det er partiet mitt som har bede meg om å stille opp og det gjer eg, men eg ville ikkje ha førsteplassen, eg er ordførar i Bø. Eg ønskjer å støtte førstekandidaten, Eli (Taugbøl red.m.) er ei vedunderleg dame, seier Kasland.

Han får sterk støtte frå partifelle Aslaug Norendal (femte plass).

– Eg står også der for å støtte Eli. Telemark treng Venstre på tinget, seier Norendal.

– SV har ein ung, dyktig sosialist på toppen som me håpar på å få på tinget, seier Per Atle Einan, nummer ni på SV si liste.

Han meiner at SV har så knakande god politikk at han sa ja til å stå på lista.

Espen Lydersen frå Sauherad er nummer to på MDG si liste. Han tykkjer mulegheita for å kome over sperregrensa gjer at ein kan få inn viktige mandat.

– Dessutan er førstekandidaten vår kjempedyktig, seier Lydersen.

Han meiner at MDG er eit parti som er frampå og veit kva det vil med det grøne skiftet.

– Det er gøy at det skjer så mykje positivt, seier partifelle Ronald Bruinvis, nummer fire på lista. Han òg trekkjer fram førstekandidaten til partiet.

– MDG er sett på som partiet med flest doktorgrader, på godt og vondt. Det er viktig å utvikle partiet på andre område enn miljø. Førstekandidaten Mona Nicolaysen er råflink på barnehage og pedagogikk og gjev partiet breidde. Eg vil vere med og jobbe for å få henne inn, seier Bruinvis, som tidlegare har hatt den plassen.

– Det er det beste partiet og eg vil støtte toppkandidaten, seier Ingebjørg Nordbø (sjuande plass på MDG-lista).

Ho meiner MDG er eit parti med samanheng mellom liv og lære som tør seie noko om forbruk og vekst. Det er ein kombinasjon Nordbø meiner ingen andre har.

– Er ein samfunnsinteressert og trur på demokratiet må ein finne det partiet som står nærast det ein meiner, ein er ikkje nødvendigvis einig i alt. Det meiner eg er viktigare enn nokon gong når ein ser kva som skjer rundt oss, seier Kasland.

**Ikkje profitt på velferd**

– Eg vil ha ein ny politisk kurs, svarar Britt-Janne Hengna på epost.

Ho (Rødt, andreplass), Sigrid Haukvik (KrF, sjetteplass) og Alf Rose Sørgaaraden (KrF niandeplass) var ikkje med på felles intervju, men har svart på epost.

Hegna peikar på at om ein får inn førstekandidaten så blir ho som nummer to første vara og vil kunne kome til å møte i Stortinget.

Hegna likar ikkje uttrykket listefyll.

– Alle parti er avhengige av at folk stiller seg til disposisjon for å kunne setje politikken sin ut i livet, påpeikar Hegna.

**Viktig med kvinner**

– Eg står på liste fordi eg er villig til å bruke noko av tida på politikk, og eg meiner at KrF har ei viktig stemme i verdispørsmål. Dessutan er det viktig at kvinner stiller, seier Sigrid Haukvik, sjettekandidat på KrF si liste.

Haukvik fortel at KrF arrangerer skuleringsdagar slik at kandidatane litt ned på lista ikkje skal kjenne seg som listefyll. Ho trur ikkje ho kan få ein plass sjølv, den viktigaste jobben hennar er å få inn ein kandidat frå Telemark KrF.

– Folk treng ikkje føle seg som listefyll. Me er avhengige av kvar og ein, understrekar Haukvik.

**Gjer lista truverdig**

– Eg stiller for å støtte eit parti som har eit vidare perspektiv enn den enkelte si lommebok, seier Rose Sørgaarden.

Han meiner det er realistisk for KrF å få inn ein kandidat. Resten av dei som står på lista gjev førstekandidaten ryggdekning og det ser han på som ein måte å vere meiningsfylt listefyll på.

– Ja, det er viktig at fleire enn dei som kjem inn står på lista. Det gjev truverde til lista, seier Rose Sørgaarden.

VAL

– Skal du stemme i stortingsvalet til hausten?

– Kva er viktig for deg når du skal velje parti?



**Bjørn Tveter (44)**
– Ja, sjølvsagt skal eg stemme.
– Miljø og klima. Kort og greitt.



**Arild Moland (44)**
– Ja, det skal eg.
– Arbeidspolitikk og naturnvern er viktig for meg når eg vel parti.



**Mariann Darrud (42)**
– Ja, eg skal stemme.
– Det er så mykje som betyr noko for meg, men eg synast skule og utdanning, kultur og eldreomsorg er viktige saker.



**Anna Svalbjørg (58)**
– Ja, det er sjølvsagt.
– Distriktspolitikk og ikkje sentralisering. Det er stort sett det som er viktig for meg.



**Elisabeth Asphaug (46)**
– Ja, det skal eg.
– Det at ein tenkjer på helse, omsorg og skule synast eg er viktig.



**Emilie Sveinsson (18)**
– Ja, det skal eg i alle fall prøve på.
– Eg er litt usikker sidan det er fyrste gong eg stemmer, men utdanning er viktig for meg. Det er også innvandrings- og flyktningpolitikk. Det er viktig at Noreg tar ansvar.



**Marte Vreim (44)**
– Ja, heilt klart.
– Eg synast solidaritet og det at ein deler på godene og prøvar å utvaske forskjellene er viktig. Eg skal stemme det partiet som står for mykje av det same som meg.



**Oddbjørn Vatnar (51)**
– Ja, det vil eg, for det er viktig. Slik kan ein påverke samfunnet.
– Verdispørsmål, religion og familiepolitikk er viktig for meg, men det er totalpakka som er viktigast. Alt er viktig og alt heng saman.



**Amund Johnsrud (53)**
– Ja, stemme skal eg.
– Barn, oppvekst og næringspolitikk er viktige saker for meg.

VAL 2017



*Samarbeid.* Dei 35 elevane med faget politikk og menneskerettar har arrangert både paneldebatt i Gullbring og val på Bø vidaregåande skule med godt resultat.

# Med val på timeplanen

**Måndag var det valdebatt for elevane ved Bø vidaregåande skule i Gullbring. Tysdag kunne elevane stemme i skulevalet. Arrangørane av begge deler er elevane sjølve.**

Marta Kjøllesdal
marta@boblad.no - tlf 976 88 692

Det er elevane som tek faget politikk og menneskerettar som står for både å hanke inn ungdomspolitikarar til å kome på debatten, finne tema som skal diskuterast og leie debatten i Storsalen i Gullbring. Elevane har fordelt arbeidsoppgåvene mellom seg.

**Mykje nytt**

– Det var spennande. Det var mykje å setje seg inn i på kort tid, fortel Unni Moland og Kaja Kvan Haugen. Dei er to av elevane som tek faget og har saman med resten av klassa akkurat avvikla ein vellykka debatt med ungdomspolitikarar frå alle parti. Ein del av dei ganske garva debattantar og ikkje like enkle å halde innanfor tilmålt tid. Både sal og politikarar viste engasjement.

**Heldig med året**

– *Er det ekstra spennande å ta dette faget eit år det er val?*

– Ja, og spesielt når ein skal stemme.

Det er dei to tredjeklassingane einige om. Moland og Kvan Haugen tykkjer dei har lært ein del av arbeidet, ikkje minst kva dei ulike partia står for.

– Spesielt på dei tre hovudområda, seier Kvan Haugen.

Ho siktar til tre tema som elevane hadde valt ut for debatten. Det var skulepolitikk, der elevane blant anna ville vite korleis partia stiller seg til fråværsgrense, fritt skuleval og vurdering av elevane. Det andre var arbeidslivspolitikk der det grøne skiftet var del av temaet. Til slutt skulle politikarane diskutere innvandring og integrering.

Elevane hadde laga fleire utkast til tema, blant anna miljø, men etter å ha diskutert forslag hadde dei valt ut dei tre.

**Fornøgd lærar**

– Eg er veldig fornøgd med gjennomføringa av både skuledebatt og skuleval, seier faglærar Margit Ims etter at begge deler er over

– Elevane som har valt politikk og menneskerettar dette året starta opp for berre to veker sidan. På den korte tida har dei tatt på seg ulike oppgåver for å gjennomføre debatt og val. Mange hadde tatt på seg utfordrande oppgåver som dei ikkje hadde gjort før, men likevel gjennomførte dei veldig profft! Dei som var oppe på scena har fått mykje velfortent skryt, seier Ims.

Ho peikar på at det er veldig fint å ha slike gjeremål inn i skulen, slik at elevane kjem seg ut av klasserommet og får delta og utføre oppgåver i autentiske situasjonar.


*Mange parti.* Bjørnar Stærk tykte det var mange lister å velje mellom når alle partia var med, men det var fint å kunne stemme.

# Spente elevar til valurnene

**Tysdag gjekk elevane ved Bø vidaregåande skule til val saman med mange andre vidaregåande skular i landet. I Bø var det to parti på topp, Arbeiderpartiet og Senterpartiet.**

Marta Kjøllesdal
marta@boblad.no - tlf 976 88 692

– Det har vore moro, men òg litt stress.

Det seier Janne Haugland, elev ved Bø vidaregåande skule og ein av dei som har faget politikk og menneskerettar. Saman med Kaja Kvan Hugen sat ho og passa manntalet då elevane ved skulen skulle stemme i skulevalet.

**Skikkeleg utstyr**

Valet føregjekk i festsalen med stemmebåsar i garderoben vegg i vegg. Til valet hadde elevane fått låne valurne av kommunen slik at det var ei ekte urne stemmesetlane blei putta i. Dei hadde også ekte stemmesetlar så det skal fungere som eit skikkeleg val.

Haugland skal også stemme i det ordinære valet måndag.

– Det har eg alltid tenkt, seier ho.

Dei to elevane har inntrykk av at dei fleste kjem innom festsalen for å stemme. To av dei som kjem for å sjekke manntalet er Anna Henriette Straume frå Drangedal og Maren Haugland Andersen frå Bø. Dei to er spente på det å skulle stemme. Kven dei skal stemme på veit dei. Straume og Haugland Andersen er ikkje gamle nok til å gå til urnene måndag, men når den tid kjem skal dei stemme på ordentleg.

**Kan vise trendar**

Vala i dei vidaregåande skulane blir som regel møtt med stor interesse fordi dei ofte viser trendar i det ordinære valet. På landsplan går Arbeiderpartiet og Høgre tilbake medan SV går mest fram. Rødt, SV, Ap og Sp har 50 prosent til saman. Så spørst det om trendane stemmer, om forskjellane kjem innanfor blokkene eller mellom den borgarlege og den raudgrøne sida. Måndag får vi svaret.

| Parti | Bø vgs prosent | Telemark prosent | Landet prosent |
|---|---|---|---|
| Arbeiderpartiet: | 50,7 | 33,2 | 27,8 |
| Senterpartiet: | 19,1 | 7,5 | 6,8 |
| Høgre: | 7,6 | 14,4 | 15,1 |
| Fremskrittspartiet: | 5,3 | 11,3 | 10,4 |
| Sosialistisk Venstreparti: | 5,0 | 9,4 | 10,0 |
| Rødt: | 5,0 | 8,4 | 5,7 |
| Miljøpartiet Dei Grønne: | 3,5 | 5,3 | 6,8 |
| Kristeleg Folkeparti: | 2,1 | 3,9 | 3,1 |
| Venstre: | 0,9 | 3,6 | 7,4 |
| Alliansen: | 0,6 | 0,9 | |
| Partiet De Kristne: | 0,3 | O,5 | |
| Piratpartiet | | | 2,0 |
| Andre | | | 4,9 |

Kjelde: NSD Samfunnsveven

*Resultat av skulevala*

VAL 2017



***På kommunehuset.*** *Førehandsstemming føregår på kommunehuset. Ann Sissel Lyngen (t.h.) og Jeanett Kaasa viser fram stemmeurne og bås.*



***Slutt på lakk.*** *No har plastforsegling teke over for lakk og stempel. Det tykkjer Ann Sissel Lyngen er ein fordel.*

**fakta**

**Tidlegstemming**

- Frå 1. juli.
- Manntal og stortingsvallister er ikkje klare, det blir brukt ei liste med alle partinamna i heile landet.
- Tidlegstemming må avtalast.
- Eiga prosedyre for å sikre hemmeleg val.

**Førehandsstemming**

- Frå 10. august
- Tre dagar i veka på kommunehuset
- Førehandsstemming på Bø sjukeheim 7. august og på høg skolen 30. august.
- Ambulerande førehandsstemming. Dei som ikkje kjem seg ut kan få besøk heime etter avtale.

# Fleire måtar å stemme på

**Dersom ein ikkje kan møte opp i Gullbring og stemme i stortingsvalet 11. september er det andre måtar å gjere borgarplikt si på, for eksempel tidlegstemming eller ein kan få stemmelokalet heim.**

Marta Kjøllesdal
marta@boblad.no - tlf 976 88 692

Det siste tilbodet gjeld rett nok berre dei som av ulike årsaker ikkje kan kome seg til stemmelokalet og det må bestillast på kommunehuset.

– Ambulerande stemmelokale, kallar konsulent Jeanett Kaasa og fagleiar for service- og støttefunksjonar, Ann Sissel Lyngen, i Bø kommune det.

**Førehandsstemming**

Den ordinære førehandsstemminga opnar 10. august. Då blir det høve til å stemme på kommunehuset tre dagar i veka, tysdag, onsdag og torsdag. Siste veka før valet er det også muleg å førehandsstemme fredag. Kaasa og Lyngen opplyser at det som vanleg vil bli førehandsstemming på Bø sjukeheim 7. september.

– Nytt i år er at me også skal vere ein dag på høgskulen slik at studentane kan få førehandsstemme. Det blir 30. august, fortel Lyngen.

Kommunen får deretter arbeidet med å sende stemmesetlane til dei rette kommunane.

– Det viktigaste er at folk får stemme, seier Kaasa.

**Tidlegstemming**

– Dersom det er nokon som absolutt ikkje kan stemme i perioden frå den 10. august og fram til valet 11. august, så finst det eit alternativ. Då er det tidlegstemming som gjeld. Den startar 1. juli, opplyser Kaasa og Lyngen.

Det er enkelte problem knytt til det å stemme før 10. august. Stemmesetlane til partia er ikkje ferdige. Det er heller ikkje manntalet, forklarar dei to. Det ein får er ein stemmeseltel med namna til alle partia som stiller til val i heile landet. På den skal ein krysse av for partiet ein vil stemme på. Stemmesetelen har også blindeskrift i motsetning til kva andre stemmesetlar har. Sidan manntalet ikkje er klart, har ein ikkje fått ordinært valkort. Stemmesetelen blir lagt i ein eigen konvolutt. Konvolutten med stemmesetelen skal opp i ein ny konvolutt saman med namnet på den som har stemt.

Desse konvoluttane blir oppbevart til manntalet er klart. Då må det registrerast at vedkomande har stemt. Seinare blir namnet fjerna frå stemmesetelen, slik at valet blir hemmeleg.

– Det er alltid to personar til stades når dette blir gjort for å sikre at det er hemmeleg val, understrekar Lyngen.

Lyngen opplyser at dei som vil stemme i perioden frå 1. juli til 10. august må ringe for å avtale tid.

**Kan stemme andre plassar**

Det er ikkje så mange som ikkje får til å stemme på valdagen eller ved førehandsstemming. Lyngen opplyser at det var fire personar som gjorde seg nytte av tidlegstemming ved sist stortingsval.

Ein kan førehandsstemme og tidlegstemme andre plassar enn i heimkommunen, då blir stemmesetlen sendt til den rette kommunen. I år er fristen for oppteljing av førehandsstemmer sett til klokka 17 tysdag etter valet. Lyngen fortel at det vart gjort fordi ein tidlegare har måtta forkaste førehandsstemmer fordi dei ikkje har kome fram tidsnok. Når det no er slutt på postombering laurdagar, så har det også medverka til at fristen er utvida.

**Ein valkrins**

Når ein kjem til valdagen er det ei stor endring sidan sist i Bø. Det er nemleg bestemt at det berre blir ein valkrins og stemmelokalet er i Gullbring.

– Me har leigd idrettshallen, seier Lyngen.

Der blir det fire båsar med avkryssingsbord og urne, eit av dei er tilrettelagt for handikappa.

Lyngen fortel at manntalet no er elektronisk. Til å registrera dei som har stemt brukar ein programmet Eva, forkorting for elektronisk valadministrasjonssystem. Derfor blir også administrasjonen med i gjennomføringa av valet. Elles er det valstyret, som er det same som formannskapet, som gjennomfører valet.

**Aldersgrensa**

Lyngen og Kaasa minner også om at alle som er 18 år i år kan stemme, ein må ikkje ha fylt det før valdagen.

For å stemme må ein kunne dokumentere kven ein er.

– Ta med valkort og legitimasjon, oppfordrar Kaasa

Ho forklarar at valkortet blir skanna og det går raskare å finne fram til rett person i det elektroniske manntalet. Det er også mindre fare for feil med dette systemet, meiner Kaasa og Lyngen.

Manntalet blir klart i veke 29, 17. til 23. juli. Ein har stemmerett i den kommunen ein budde i før 30. juni i år. Dei to i valadministrasjonen forklarar at dersom ein har flytta i det siste kan det vere lurt å sjekke at ein står i manntalet.

VAL

– Skal du stemme i stortingsvalet til hausten?

– Kva er viktig for deg når du skal velje parti?



**Anita Stoknes (71)**
– Ja, eg gjer vanlegvis det.
– Helsesektor og eldreomsorg. Eg er litt skuffa over at det er såpass vanskeleg å få omsorgsleilegheit i Bø. Bupolitikk er også viktig for meg.



**Oda Oskarsen (18)**
– Ja, det skal eg.
– Flyktningkrisa og handteringa av den er viktig for meg. I tillegg er miljø og grøn politikk noko som påverkar meg som ungdom.



**Arne Momrak (48)**
– Ja, det skal eg.
– Politikarar frå fylket er viktig for meg når eg vel parti.



**Audun Rørmark (17)**
– Ja, utvilsamt. Det er viktig å stemme. Om ikkje alle stemmer, fungerer ikkje demokratiet optimalt.
– Kultur-, innvandrings- og miljøpolitikk synest eg er viktig.



**Inger Helen Eide Horgen (46)**
– Ja.
– Skule- og oppvekstvilkår og miljø er viktig når eg vel parti.



**Tourki Mallak (35)**
– Nei, eg er ikkje norsk statsborgar
– Menneskeliv og rettigheiter bør vere viktig når ein vel parti.



**Arne Nilsen (69)**
– Ja, eg skal stemme Frp.
– Avgifter er viktig for meg.



**Sindre Bakkåker (20)**
– Ja, eg skal vel det.
– Kulturpolitikk er viktig for meg.



**Veronika Olsen (40)**
– Ja, det skal eg.
– Dei eldre og pengar og utstyr til skulen er viktige saker for meg når eg skal velje parti.

VAL 2017

# Slik stemmer du på valdagen

**Idrettshallen i Gullbring kulturanlegg er staden på valdagen måndag. For fyrste gong skal alle bøheringane stemme i same vallokale.**

*Gro Birgitte Røiland*
gro@boblad.no

Sju valkrinsar i Bø har blitt til ein ved stortingsvalet 2017. Alle som kan og vil stemme og ikkje alt har førehandsstemt, må ta turen til Gullbring måndag 11. september.

For å ha stemmerett ved stortingsval må du fylle 18 år innan utgangen av valåret. Du må vera norsk statsborgar, ikkje ha mist stemmeretten etter grunnlovas § 53 og vera - eller ha vore - folkeregisterført som busett i Noreg.

I Bø er det nå 4451 med stemmerett til stortingsvalet, 2206 kvinner og 2245 menn.

### Legitimasjon og valkort

Vallokalet opnar dørene måndag klokka 10 og held ope til klokka 20.

For å stemme må du ha med legitimasjon med bilete, som førarkort, pass eller bankkort med bilete. Alle har fått tilsendt valkort, som er påført strekkode for elektronisk avkryssing. Har du legitimasjon og valkort klart når du kjem til vallokalet, vil stemmegjevinga gå raskare.

Har du forlagt valkortet, vil du framleis kunne stemme.

– Me kan søkje deg opp, seier Ann Sissel Lyngen, fagleiar i service og støtte i Bø kommune.

Ho er ein av femten valfunksjonærar som er på plass i Gullbring på valdagen.

### Stryk eller bytt plass

Stemmesetlane er i fire båsar rigga opp i idrettshallen. På setlane kan du gjera to endringar. Du kan endre rekkefølgja på kandidatane ved å setje tal i ruta til venstre for namnet. Viss du meiner at fyrstekandidaten burde stå på femteplass og motsett, skriv du talet fem i ruta ved sida namnet på fyrsteplass og talet ein ved politikaren på femteplass. Du kan endre rekkjefølgja på så mange kandidatar du vil.

Å stryke kandidatar på lista er også muleg. Det gjer du ved å sette kryss i ruta til høgre for kandidaten. Du kan stryke så mange du vil.

– Men det er kanskje dumt å stryke alle på lista, seier Lyngen og ler.

Ein kan også stemme blankt viss ein vil det.

### Tellekorps

Tellekorpset består av valstyret som er formannskapet og tilsette i Bø kommune. Etter at vallokalet er stengt, legg tellekorpset stemmene i bunker etter parti og tel manuelt. Er det avvik mellom talet på stemmesetlar totalt og kryss i manntalet, blir det notert og må forklarast. Stemmene må teljast likt i to teljingar etter kvarandre før resultatet blir godkjent.

Lyngen er med på å avvikle val i Bø for tredje gong.

– Det er moro å vera med, men det er også mykje å tenkje på. Alt skal vera korrekt, seier Lyngen.

Nytt i år er utvida frist for innlevering av førehandsstemmer. Tysdag 12. september klokka sytten skal alle førehandsstemmer vera på plass. Frist for å førehandsstemme er fredag 9. september klokka atten.

– Det er veldig mange førehandsstemmer i år og dei har kome tidlegare enn før. Enten er folk tidlegare ute, eller så er det fleire som førehandsstemmer, seier Lyngen.


VEILEDNING

Vil du endre på stemmeseddelen kan du:

- **Endre rekkefølge på kandidater**
  Det gjør du ved å sette ønsket nummer i ruten FORAN navnet til kandidaten. Du kan endre rekkefølgen på så mange kandidater du vil.

Nr Stryk
13. 10 Eva Påveiopp

- **Stryke kandidater**
  Det gjør du ved å sette kryss i ruten BAK kandidatnavnet. Du kan stryke så mange kandidater du vil.

Nr Stryk
2. Sture Påveiut ☒

Andre måter å endre på vil ikke telle ved valgoppgjøret.

**Bruk svart eller blå penn. Skriv tydelig.**

***Stemmesetelen.*** *Endringane ein kan gjera på stemmesetelen er å bytte kandidatane sin plass på lista og stryke kandidatar.*

F

**Resultat Stortingsvalet i Bø 2013:**

Valdeltaking i Bø: 75,1 prosent (2009: 75,6 prosent).

| | 2013 | | | 2009 | |
|---|---|---|---|---|---|
| Parti | Stemmer | %-vis | (+/–) | Stemmer | %-vis |
| Ap | 1.046 | 33,5 | – 2,2 | 1.093 | 35,7 |
| H | 588 | 18,8 | + 8,0 | 331 | 10,8 |
| FrP | 428 | 13,7 | – 5,7 | 593 | 19,4 |
| Sp | 273 | 8,7 | – 3,5 | 374 | 12,2 |
| KrF | 259 | 8,3 | + 0,8 | 231 | 7,5 |
| V | 193 | 6,2 | + 2,3 | 118 | 3,9 |
| SV | 151 | 4,8 | – 3,7 | 260 | 8,5 |
| MDG | 113 | 3,6 | + 3,1 | 14 | 0,5 |
| Krist | 26 | 0,8 | | | |
| Rødt | 26 | 0,8 | – 0,1 | 29 | 0,9 |
| Pirat | 10 | 0,3 | | | |
| KrS | 6 | 0,2 | | | |
| Kyst | 5 | 0,2 | | | |
| DEM | 0 | | | | |

*) (+/–): endring i høve Stortingsvalet 2009.

***Valdeltaking i Bø.*** *Valdeltakinga i Bø var omtrent lik ved stortingsvala i 2009 og 2013, og låg på i overkant av 75 prosent. Faksimile frå Bø blad*



***Val i Gullbring.*** *Gullbring kulturanlegg er vallokale for heile Bø måndag 11. september. Fagleiar i Bø kommune, Ann Sissel Lyngen, er ein av mange valfunksjonærar som ser til at valet går rett for seg.*
*Foto: Gro Birgitte Røiland*

## Val i Sauherad

Mens det i Bø bare er eitt vallokale i år, er det fem i Sauherad. Her er det val over to dagar, mens Bø bare har ein valdag.
Stortingsvalet startar i Sauherad sundag 10. september. Vallokalet denne dagen er i kommunehuset på Akkerhaugen, og det er ope frå klokka 13 til 19.
Måndag finn ein vallokale på Akkerhaugen sambruksanlegg, Nordagutu sambruksanlegg, Hjuksebø skole, Gvarv samfunnshus og Hørte grendehus. Opningstida denne dagen er frå klokka 12 til 20.

# Førehandsstemming godkjent

**Valstyret i Bø står fast på at førehandsstemminga ved høgskulen i Bø vart gjennomført i tråd med vallova og avviser klaga frå Frp.**

*Marta Kjøllesdal*
marta@boblad.no - tlf 976 88 692

Telemark Fremskrittspartiet (FrP) har klaga til Bø kommune og Porsgrunn kommune og meiner at vallova er broten i samband med førehandsstemming på Høgskulen i Søraust-Noreg, på studiestadane i Bø og Sauherad.

I klaga viser partiet til at då førehandsstemminga vart gjennomført på dei to studiestadane var samtidig Hadia Tajik, nestleiar i Arbeiderpartiet, til stades og heldt førelesing.

«Det var store delegasjoner av politikere fra Arbeiderpartiet tilstede, i de rom velgerne må passere for å ankomme området hvor forhåndsstemmegivningen var lokalisert. Det at også en av Arbeiderpartiets fremste politikere hadde forelesning på høyskolen denne dagen er etter hva jeg mener et klart brudd på valglovens §9 - 4 punkt 1».

Det skriv Adrian Ness Løvsjø, politisk nestleiar og stortingskandidat i klaga til dei to kommunane. FrP vil at det skal haldast nytt val i Bø og Porsgrunn.

Bø kommune skriv i eit brev til Valdirektoratet at førehandsstemminga vart gjennomført i eit møterom på høgskulen av to tilsette i Bø kommune. Det var ikkje politikarar til stades i lokalet.

Saka var oppe i valstyret i Bø måndag og vedtaket var samrøystes. Klaga er sendt vidare til departementet slik at det kan vurdere den.

## Deltok i NM-stafetten



Bø orienteringslag deltok i NM-stafetten i orientering ved Aremark nær svenskegrensa og Halden sist sundag. Laget endte som nummer 62 av dei 90 som deltok. F.v. Lars Steinar Hefre, Sigve Botnen og Dag Steinar Ragvin.

## Skatteetaten får meir informasjon

Innan 30. september får Skatteetaten finansopplysningar frå 50 land om personar som er skattepliktige i Noreg. Då kjem det informasjon blant anna frå Luxemburg, Storbritannia og kanaløyane. Neste år blir Sveits inkludert. Skatteetaten skriv i ei pressemelding at den gjer det enkelt å ordne opp for dei som ikkje har gitt opp verdiar i utlandet. Dersom folk nyttar seg av frivillig retting og gir opplysningar om verdiar som det skulle ha vore betalt skatt for i Noreg, slepp ein tilleggsskatt og at saka blir meld til politiet. Det må betalast skatt for inntil 10 år. For første halvår i år er det rapportert inn tre saker frå Telemark og det gjeld formuer på totalt 93,5 millionar kroner.



## Grand Prix for forskarar

Torsdag 21. september skal ti doktorgradsstipendiatar frå Høgskolen i Søraust-Noreg presentere forskinga si på bare fire minutt. Det skjer på Forsker Grand Prix på Ælvespeilet i Porsgrunn. Publikum kårar vinnarar saman med ein fagjury sett saman av folk frå akademia, media og scenekunst. Dei som kjem på fyrste og andre plass går vidare til den nasjonale Forsker Grand Prix-finalen i Trondheim 30. september, der studentar frå HSN konkurrerer med regionsvinnarar frå Bergen, Oslo, Tromsø, Trondheim og Stavanger.

## Solide tal frå SpareBank 1 Telemark i første halvår 2017

SpareBank 1 Telemark fekk eit resultat før skatt på solide 190 millionar kroner per andre kvartal 2017, mot 166 millionar kroner for same periode i fjor. Resultat etter skatt blei på 154 millionar kroner mot 132 for same periode i fjor. Ifølgje administrerande banksjef Per Halvorsen hadde banken god vekst og nesten ikkje tap, til tross for at banken har tatt risikoen som ein lokalbank skal ta. Avkastning på eigenkapitalen i banken blei på nesten 13 prosent mot i underkant av 12 prosent i andre kvartal 2016. Første halvår 2017 er også historisk for banken, da den passerte 30 milliardar, eller 30.000 millioner kroner i balanse/forretningskapital.

VAL 2017

# I kø for å stemme

**Det var lange køar då alle bøheringane skulle stemme i Gullbring måndag. Nokre av dei som møtte fram sakna å få stemme i krinsane.**

Marta Kjøllesdal
marta@boblad.no - tlf 976 88 692

Hilde Eika Nesje
redaksjon@boblad.no - tlf 947 89 450

– Det er lenger kø her. Eg kunne tenkt meg å stemme i krinsen, sa Solvor Brukås medan ho stod i kø.

Dei som kom til Gullbring for å stemme måndag møtte stort sett køen utanfor inngangsdøra til hallen. Køen stod til tider til kafédisken. Det så likevel ut til at det glei relativt greitt. Folk måtte ikkje bruke veldig lang tid før dei slapp inn i stemmebåsane i hallen.

I år var det første gong at det berre var eitt stemmelokale i Bø, tidlegare har det vore stemming i fleire av krinsane.

Brukås var ikkje i tvil om ho skulle stemme. Heller ikkje kva ho skulle stemme. Det var heller ikkje Sigmund Haugen.

– Eg har stemt på Valen tidlegare. Det er ikkje så koseleg her, meinte Haugen.

På den andre sida er det ikkje så langt at det er noko problem.

Jon G. Vreim er 92 år og fortel at han har stemt på alle val opp gjennom tidene. Kor mange det har blitt har han ikkje tal på. Han stemde tidlegare på Vreim skule, så på Folkestad og no altså i Gullbring. Han tykkjer det er greitt, men sakna òg dei gamle stemmelokala.

### Arbeiderpartiet størst

I Bø som så mange andre plassar var det Senterpartiet (Sp) som auka mest, medan Arbeiderpartiet vart klart størst med 26 prosent av stemmene då 99,9 prosent var talt opp. Senterpartiet fekk 18,4 prosent av stemmene. Høgre kom litt etter med 16,3 prosent og Fremskrittspartiet hakk i hel med 14,8 prosent. Det største partiet i kommunestyret, Venstre, fekk 3,8 prosent stemmer i Stortingsvalet. 12 personar stemte blankt og fire av stemmene blei forkasta.

### Størst i Sauherad

Arbeiderpartiet fekk flest stemmer i Sauherad på valdagen i går, men gjekk ned 5,3 prosentpoeng i høve førre val. Senterpartiet fekk nest flest stemmer og blei valets vinnar også i Sauherad. Partiet auka med 9 prosentpoeng. Både Høgre og Fremskrittspartiet fekk mindre oppslutning i dette Stortingsvalet enn dei gjorde for fire år sidan, det same gjeld KrF og Venstre. MDG, SV og Rødt hadde alle ein auke.

### Skifte på Telemarksbenken

Ifølgje valgresultat.no onsdag føremiddag låg det an til å bli skifte på telemarksbenken på Stortinget. Ap såg ut til å få to plassar mot tre i dag. Dermed ser det ut til at Christian Tynning Bjørnø kan misse plassen og Terje Lien Aasland og Lene Vågslid blir representantane frå Telemark. Bård Hoksrud (Frp) og Solveig Sundbø Abrahamsen (H) kjem inn att, Sundbø Abrahamsen no på fast plass. Det ser ut til at Åslaug Sem-Jacobsen frå Sp tek plassen frå Ap, medan Geir Jørgen Bekkevold (KrF) ser ut til å vinne striden om utjamningsmandatet mot Ådne Naper. Det blir i så fall den tredje perioden Bekkevold er inne på utjamningsmandat.

Forskjellen mellom Naper og Bekkevold var likevel onsdag berre 30 stemmer og er no til finteljing.

### Færre stemte

I Sauherad var det 75 prosent som brukte stemmeretten ved valet i år, det er 0,1 prosentpoeng færre enn i valet i 2013. I Bø var nedgangen større. 72,9 prosent møtte opp og stemde i år mot 75,1 prosent i 2013. På landsplan møtte 77,7 opp og brukte retten sin. Det er også ein nedgang frå 2013 då 78,2 prosent stemde. I Telemark var talet 74,6 i år og 76,6 for fire år sidan.

### Blått fleirtal

På ettermiddagen tysdag hadde dei fire borgarlege partia, Høgre, Frp, Venstre og KrF 88 mandat mot dei raudgrøne som hadde 81. (Ap, SV, Raudt, Sp og MDG). Dermed tyder alt på at Erna Solberg held fram som statsminister. Ifølgje fleire aviser vil Høgre og Frp halde møte med Venstre og KrF for å diskutere muligheitene for samarbeid.

Det blir opplyst i blant anna VG at sentralstyret i Venstre skal diskutere om partiet skal gå inn i regjeringa. I så fall kan det bli interessant å sjå om ordførar i Bø, Olav Kasland, kan få plass i apparatet. Han er ein erfaren politikar med fartstid både frå kommune- og fylkespolitikken. Han har også hatt tett kontakt med leiinga i Venstre. Skjer det, blir det i så fall spennande kven som tek over som ordførar i Bø.



*__Ikkje i tvil.__ Solvor Brukås var ikkje i tvil om kva ho skulle stemme, men ho likte seg betre når ho stemde i krinsane. Augon Eika passar på køen.*

### Resultat stortingsvalet i Bø 2017

| Partinamn | Antall stemmer | Prosenvis oppslutning | Endring siste stortingsvalg |
|---|---|---|---|
| Arbeiderpartiet | 841 | 26,0 | -7,5 pp |
| Senterpartiet | 594 | 18,4 | 9,6 pp |
| Høyre | 528 | 16,3 | -2,5 pp |
| Fremskrittspartiet | 479 | 14,8 | 1,1 pp |
| Sosialistisk Venstreparti | 210 | 6,5 | 1,7 pp |
| Miljøpartiet De Grønne | 185 | 5,7 | 2,2 pp |
| Kristelig Folkeparti | 164 | 5,1 | -3,2 pp |
| Venstre | 122 | 3,8 | -2,4 pp |
| Rødt | 60 | 1,9 | 1,0 pp |
| Partiet De Kristne | 19 | 0,6 | -0,2 pp |
| Helsepartiet | 13 | 0,4 | 0,4 pp |
| Liberalistene | 7 | 0,2 | 0,2 pp |
| Alliansen | 5 | 0,2 | 0,2 pp |
| Demokratene i Norge | 3 | 0,1 | 0,1 pp |
| Kystpartiet | 1 | 0,0 | -0,1 pp |

Oppmøte 72,9% (2013: 75,1%). Tabell oppdatert tysdag 12. september kl. 17.10, 99,9% av stemmene talt. Pp er prosentpoeng.

### Resultat stortingsvalet i Sauherad 2017

| Partinamn | Antall stemmer | prosentvis oppslutning | Endring siste stortingsvalg |
|---|---|---|---|
| Arbeiderpartiet | 681 | 28,3 | -5,3 pp |
| Senterpartiet | 485 | 20,1 | 9,0 pp |
| Høyre | 389 | 16,2 | -0,4 pp |
| Fremskrittspartiet | 384 | 15,9 | -1,0 pp |
| Kristelig Folkeparti | 125 | 5,2 | -3,4 pp |
| Venstre | 99 | 4,1 | -0,9 pp |
| Miljøpartiet De Grønne | 88 | 3,7 | 0,5 pp |
| Sosialistisk Venstreparti | 84 | 3,5 | 0,6 pp |
| Rødt | 51 | 2,1 | 1,4 pp |
| Helsepartiet | 11 | 0,5 | 0,5 pp |
| Partiet De Kristne | 6 | 0,2 | -0,6 pp |
| Alliansen | 2 | 0,1 | 0,1 pp |
| Kystpartiet | 2 | 0,1 | 0,0 pp |
| Demokratene i Norge | 1 | 0,0 | 0,0 pp |
| Liberalistene | 0 | 0,0 | 0,0 pp |

Oppmøte 75% (2013: 75,1%). Tabell oppdatert tysdag 12. september kl. 20.22, 99,9% av stemmene talt. Pp er prosentpoeng.

# SV vann på Busk

**Sist fredag hadde elevane ved Bø ungdomsskule (Busk) val. Der vart SV den store vinnaren med 30 prosent av stemmene. Ap fekk 25 prosent og Frp fekk 12 prosent.**

Marta Kjøllesdal
marta@boblad.no tlf 976 88 692



*__Unge stemmer.__ Veljarane er Karine Dyrud Wassvik og Joanna Juchniewicz. Med ryggen til sit Meron Ghebrehiwet. I bakgrunnen til venstre: Elin Hauge. Foto: Åsne Strand Paulsen, Stine Marie Rønningen Dyrud.*

– Eg vart overraska over at partia var så ulike. Det var større forskjell enn eg hadde trudd. Dessutan er det rart at det var så hemmeleg.

Det seier Åsne Strand Paulsen. Ho og Stine Marie Rønningen Dyrud hadde oppgåva med å vere journalistar under valet som klasse 9c gjennomførte ved Busk. Dei to fortel at det var mange av elevane som syntest det var bra at dei fekk vere med på eit val. Valet vart gjennomført med manntal, skikkelege valurner og stemmesetlar.

### Lærerikt

– Eg trudde først me skulle skrive namn på ein lapp, seier Rønningen Dyrud.

Dei tykkjer dei har lært mykje av valet. Før dei deltok visste dei ikkje korleis ein stemde. Dei har også lært mykje om dei ulike partia.

*– Tykte de det var vanskeleg å velje parti?*

– Dei fleste partia har noko bra, men mange fann nok ein favoritt, trur Rønningen Dyrud.

### Studerte partia

– Eg spurde elevane om dei ville vere med på å arrangere val. Det ville dei og me har brukt samfunnsfag- og norsktimane til det, seier lærar Siren Øyan Kulbeck.

Ho delte elevane i grupper og dei lærte om kvart sitt parti. Dei laga plakatar som vart hengde opp slik at dei andre elevane fekk lese om dei ulike partia før dei gjekk til val.

Sist fredag vart det invitert til val.

– Elevane fekk opplæring i korleis ein stemmer. Dei hadde manntal og elevane måtte oppgi namn. Dei fekk stempel på stemmesetlane som vart lagt i ei skikkeleg valurne som kommunen hadde lånt ut.

– Måndag talde elevane opp stemmene, både klassevis og på parti. I matematikktimen rekna me ut prosent og laga diagram som viser resultatet, fortel Øyan Kulbeck.

### Valvake

– Måndag kveld hadde me valvake mellom klokka 20 og 23. Då jobba me litt med valet òg, blant anna tok dei som ville ulike valgomatar, seier Øyan Kulbeck.

Ho fortel at det var delvis elevane sitt initiativ at valvaka kom i stand.

Elevane er ikkje ferdige med valet. Øyan Kulbeck seier at dei vil følgje regjeringsforhandlingane også.



LANDSLAGET FOR
LOKALAVISER

# Oppsummering: ti forslag til valgkampdekning

- Sjekk hva folk i kommunen/bydelen stemte ved forrige valg. Hvordan var valgdeltakelsen?
  - Her finner du SSBs statistikker om stortingsvalg
- Praktisk gjennomføring av valget.
  - Hva blir annerledes pga. pandemien?
  - Hvordan forhåndsstemme?
- Undersøk hvilken politikk lokale næringsdrivende ønsker.
- Intervju innbyggere om saker som opptar dem.
- Intervju førstegangsvelgere om politikk og valg.
- Undersøk hva partiene mener om saker som kan få betydning lokalt. Mulige tema: kommuneøkonomi, naturvern, samferdselsprosjekter, distriktsnæringer, innvandring.
- Presenter valgdistriktets toppkandidater. Hva sier de om de lokalt viktige sakene?
- Presenter eventuelle lokale kandidater, listefyll eller valgkampledere.
  - Hvem er de, og hvorfor stiller de på liste?
  - Hva gjør de for å få stemmer?
  - Hvordan vil de jobbe for hjemstedet om de kommer på Stortinget?
- Hvordan engasjerer lokalpolitikerne seg i stortingsvalget?
- Gjennomfør lokal meningsmåling.
  - Hva vil folk stemme?
  - Hvem vil de ha som statsminister?
  - Hvilke saker er viktige for valget?